



STORTINGET

Innst. 253 L

(2020–2021)

Innstilling til Stortinget
frå familie- og kulturkomiteen

Prop. 108 L (2019–2020)

Innstilling frå familie- og kulturkomiteen om Lov om språk (språklova)

Til Stortinget

1. Samandrag

1.1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I proposisjonen legg Kulturdepartementet fram forslag til lov om språk. Framlegget skal erstatte den gjeldande mållova (lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste) og inneheld også framlegg til nye føresegner om språk i Noreg.

Med proposisjonen vil regjeringa leggje grunnlaget for ein offensiv språkpolitikk som omfattar dei språka den norske staten har ansvar for. Eit hovudmål med språkpolitikken er å sikre norsk som hovudspråket i Noreg, som samfunnsberande språk for heile landet, og som forvaltningsspråk i alle sektorar. Regjeringa skal bidra til å verne og fremje samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk.

Analysen som ligg til grunn for proposisjonen, er at engelsk utgjer eit press mot det norske språket på fleire sentrale samfunnsområde. Derfor er det nødvendig med ei lovfesting av norsk språk og å klargjere statusen for dei andre språka den norske staten har ansvar for.

Proposisjonen er bygd opp i to hovuddelar, ein meltingsdel (punkt 2–10) og ein lovdel (punkt 11–19).

1.2 Språket – kulturberar, identitet og infrastruktur

Norsk er fellesspråket i Noreg. Det er dette språket som i hovudsak blir nytta i forvaltninga, i offentleg tenesteyting, i utdanningssystemet, i arbeidslivet og i det

sivile samfunnet. Alle som bur i Noreg, vil på eitt eller anna tidspunkt ha behov for å bruke norsk. Med framlegget til språklov vil regjeringa formalisere og lovfeste statusen til norsk som eit fellesspråk som skal kunne brukast på alle samfunnsområde og i alle samanhengar. Norsk språk har til no ikkje hatt ein slik formell status. Lovfestinga er viktig for å sikre norsk språk ein sterk posisjon i framtida. Samstundes slår ho fast og vorder den kulturelle rikdommen norsk språk utgjer for Noreg og for verdssamfunnet.

Gjennom å meistre fellesspråket får innbyggjarane tilgang til store og små fellesskap, demokratiske prosessar, barnehage, skule, utdanning og arbeidsliv, helse- og omsorgstenester osv. Å sikre kvar enkelt tilgang til eit fellesspråk handlar såleis om myndiggjering, deltaking og demokrati. Det handlar òg om den retten individet har til å kunne ta informerte val og forvalte rettar og plikter for seg og sine.

Det er naudsynt at det norske fellesskapsspråket blir halde i hevd, slik at språket kan vere i bruk på alle samfunnsområde.

Fleirspråklegheit er eit gode både for den enkelte og for samfunnet. Det er eit breitt kulturelt og språkleg mangfald i Noreg i dag. Det vitnar om eit ope samfunn og eit sterkt demokrati, som ikkje berre tolererer, men òg stimulerer til mangfald. Det levande språklege mangfaldet i Noreg heng saman med høg grad av ytringsfri- dom og toleranse i samfunnet. Språkleg fri-dom inneber at enkeltmenneske får høve til å uttrykkje seg på første-språket sitt og på fellesspråket norsk.

Norsk, samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk er språk med lang tilknytning til Noreg. Å ta vare på desse språka er ein del av Noregs bidrag til å verne om det kulturelle mangfaldet i verdssamfunnet.

Språkpolitiske mål

Regjeringa legg desse måla til grunn for språkpolitikken i åra som kjem:

Norsk skal sikrast som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg. I dette ligg det at norsk er eit rikt og levande språk som kan nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Det offentlege skal ta eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk.

Bokmål og nynorsk er jamstilte skriftspråk. Språkpolitikken skal fremje reell jamstilling mellom dei to skriftspråka. Det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka språket. Dette inneber at situasjonen for nynorsk som mindretalspråk blir vurdert særskilt, til dømes i politikktutvikling eller regelverksarbeid som gjeld norsk språk.

Noreg er eit samfunn som set fleirspråklegheit og dialektmangfald høgt. Det offentlege skal verne og fremje samiske språk, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

Språkpolitikken er eit sektorovergripande politikk-område og handlar om språk og språkbruk innanfor alle sektorar. Alle departement skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk.

Retten til språk, også minoritetsspråk, er eit grunnvilkår i demokratiet. Innbyggjarane i Noreg skal ha tilgang til språk. Norsk språk er ein av stolpane i infrastrukturen som skal sikre innbyggjarane ytringsfridom.

Det norske språket skal vere eit godt bruks- og kulturspråk som utviklar seg i takt med samfunnet og kunnskapsutviklinga elles. Språkpolitikken skal bidra til at språkbrukarane kan meistre og vere stolte av språket sitt.

Bakgrunn

Ei overordna språklov vart først varsla i St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining. Ein samla familie-, kultur- og administrasjonskomité slutta seg til at det er behov for ei klar lovforankring av språk i Noreg, jf. Innst. S. nr. 184 (2008–2009). Språklov og språkmelding vart også varsla i Meld. St. 8 (2018–2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida (kulturmeldinga).

Det statlege ansvaret for kulturpolitikken er forankra i infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 sjettedd.

Innspel og underlag

I 2017 sette Språkrådet ned eit utval som fekk i oppdrag å peike ut område der det trengst ein særskild innsats for å sikre at norsk språk er i bruk på alle samfunnsområde i framtida. Departementet har bruka utvalet sin rapport *Språk i Norge – kultur og infrastruktur*, i arbeidet med meldinga.

Språkrådets femte språkpolitiske statusrapport *Språkstatus 2017* inneheld ein gjennomgang av status for dei språkpolitiske måla.

Departementet har mottoke over 50 skriftlege innspel til meldingsarbeidet. Saman med høyringssvara til framlegg til ny språklov utgjer innspela eit viktig kunnskapsgrunnlag for meldinga. Innspela og høyringssvara vitnar om eit stort engasjement for språk og språkpolitikk. Så godt som alle innspela og høyringssvara er positive til språklova og ser behovet for å styrkje språkpolitikken med nye tiltak.

Konsultasjon med Sametinget

Departementet har konsultert Sametinget om tiltak i proposisjonen som kan påverke samane direkte. Sametinget har i tillegg fått høve til å gje innspel til arbeidet med proposisjonen. I konsultasjonane er det konstatert semje om omtalen av gjeldande politikk, gjeldande rett for samiske språk og framlegget til føreseigner i språklova som gjeld samiske språk.

Tematiske avgrensingar

Departementet gjer nærare greie for kvifor meldingsdelen ikkje behandlar spørsmål om samiske språk og nasjonale minoritetsspråk i like stor grad som norsk språk. Samisk har ein sjølvstendig plass i ein heilskapleg språkpolitikk, og i lovdelen blir det greidd ut om samiske tilhøve i samband med framlegg til føreseigner som omfattar samiske språk og tilhøve. I framlegget til språklov får nasjonale minoritetsspråk lovfasta status.

Proposisjonen er avgrensa til dei språka som staten Noreg har eit ansvar for, og omhandlar difor ikkje nyare minoritetsspråk i Noreg.

1.3 Språksituasjonen

Punkt 3 i meldingsdelen i proposisjonen gjev innsikt i korleis språksituasjonen i Noreg kan skildrast ut frå omgrep som domenetap og språkskifte m.m. Det å ta omsyn til mindretallet blir peika på som ein del av dei verkemidla det liberale demokratiet har for å sikre mindre bruka språk.

Noreg har frå gammalt av vore fleirspråkleg. Noreg har ratifisert Europeisk pakt om regions- eller minoritetsspråk, som forpliktar den norske staten til å verne og fremje seks språk: nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk, kvensk, romani og romanes.

Norsk teiknspråk er ikkje omfatta av dei internasjonale konvensjonane som Noreg har slutta seg til, men brukarane av norsk teiknspråk har rettar som er sikra av staten.

I tillegg til desse språka, som Noreg har eit særskilt ansvar for å ta vare på, finst det ei lang rekkje nye innvandrarspråk i Noreg.

For norsk språk generelt er det fagleg grunnlag for å seie at den reelle trusselen er domenetap, ikkje språkdød. Omgrepet domenetap blir nytta om situasjonar der eit språk blir fortrent av eit anna (større) språk innanfor ulike domene. Det kan vere domene i tydinga

samfunnsområde, til dømes offentlege domene som politikk, religion, arbeidsliv, medium og utdanning. Når engelsk vinn stadig sterkare innpass medan norsk blir trengd tilbake, står vi overfor faren for slike domenetap.

I den grad domenetap «smittar» frå eitt samfunnsdomene til eit anna, kan eit fullverdig norsk språk vere truga. I desse tilfella snakkar ein om språkskifte. Språkskifte refererer til den prosessen der eit språk tek over for eit anna språk som førstespråk. Språkskifte er ei utfordring i fleirspråklege samfunn. Språkskifte inneber at minoritetsspråklege, som samtidig er tospråklege, går over til majoritetsspråket.

Ser vi spesielt på utsiktene for norsk skriftkultur, er det eit problem at nynorsk har ein så mykje veikare posisjon enn bokmål. Nynorsk er det minst bruka språket sett i høve til bokmål, og nynorsk og nynorskbrukarar er utsette for mange av dei same mekanismane som tradisjonelle minoritetsspråk og minoritetsspråkbrukarar når det gjeld diskriminering.

Sjølv om det har vore eit sentralt språkpolitisk mål å hindre målbyte frå nynorsk til bokmål, har ein ikkje lukkast med å bremse denne utviklinga.

Språkleg mangfald er viktig for demokratiet. Det representerer kulturell rikdom og kan motverke politisk einsretting. Skal vi halde på det språklege mangfaldet, må språkbrukarane vere medvitne om verdien i språket sitt. Språkleg medvit trengst for at eit språk skal stå imot ytre press. Derfor er det ei viktig språkpolitisk oppgåve å bidra til å styrkje den språklege identiteten og sjølvkjensla til språkbrukarane. Særleg dei minst bruka språka er under press. Staten har eit særleg ansvar for dei minst bruka språka.

Å utvikle politikk i eit demokrati vil også handle om å ta mindretalsomsyn gjennom til dømes kvotereguleringar og særordningar. Språka må sikrast, slik at dei kan brukast på så mange samfunnsområde som mogleg. Ei slik særbehandling eller positiv diskriminering av mindre bruka språk kan bidra til at språka overlever på lang sikt.

Norsk skal vere det samfunnsberande språket i Noreg, og mellom anna derfor er den norske språkpolitikken tufta på prinsippet om at alle som oppheld seg i Noreg over tid, skal kunne lære seg og ta i bruk norsk språk.

1.4 Sektorspesifikt ansvar for språk

Ein av grunnane til at norsk står så sterkt i det norske samfunnet, er at språket blir bruka i barnehage, skule, offentleg sektor, rettsvesen, næringsliv, akademia, frivillig sektor og trussamfunn, i tillegg til i heimen. Punkt 4 gjer greie for korleis regjeringa vil styrkje den sektorovergripande språkpolitikken. I framlegget til språklov blir offentlege organ pålagde ansvar for norsk språk, samiske språk, dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Ei slik lovfesting av språkpolitikken som sektorovergripande må følgjast opp med verkemiddel

for å sikre at lova blir etterlevd. Punktet gjer greie for korleis det språkpolitiske ansvaret skal følgjast opp.

Prioriteringar og vidare oppfølging

- Kulturdepartementet legg fram ei språklov som slår fast det ansvaret offentlege organ har for å bruke, utvikle og styrkje norsk, å bruke, utvikle og styrkje samiske språk etter reglane i samelova kapittel 3 og å verne og fremje nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk.
- Kulturdepartementet vil lage ein rettleiar for språkleg sektoransvar. Føremålet er å bidra til heilskapleg implementering av språkpolitikken.
- Rettleiaren skal vere til hjelp for departement og relevante statlege verksemdar med å lage språkplanar og -rutinar for etterleving av språklova. I planane skal dei overordna språkpolitiske prinsippa konkretiserast i sektorpolitikken.
- Språkrådet vil vere eit sentralt verkemiddel for oppfølging av språklova. I framlegg til språklov er Språkrådets oppgåver og ansvar knytt til rådgjeving, rettleiing og tilsyn lovfesta.
- Kulturdepartementet vil med jamne mellomrom og på eigna måte rapportere til Stortinget etter sentrale indikatorar som viser status for språksituasjonen i Noreg og resultatene av den sektorovergripande språkpolitikken.

1.5 Språkdimensjonen i kulturpolitikken og mediepolitikken

Språk er vår fremste kulturberar og eit kulturobjekt i seg sjølv. Kunst og kultur er ytringar med samfunnsbyggjande kraft. I mange kunst- og kulturuttrykk står språket sentralt i ytringa.

Punkt 5 dreier seg om språkdimensjonen i kultur- og mediepolitikken og gjer det klart at politikken på desse områda må utviklast vidare med ein revitalisert språkdimensjon. Nokre kulturpolitiske tiltak er eksplisitt språkpolitiske, som tilskot til språkorganisasjonar og ordbokarbeid. Mange andre kulturpolitiske tiltak har også ein vesentleg språkpolitisk dimensjon, til dømes litteratur, arkiv, scenekunst, bibliotek og presse- og mediestøtte.

Kulturdepartementet vil føre ein aktiv kulturpolitikk som samtidig vernar og fremjar norsk, samiske språk, norsk teiknspråk og dei nasjonale minoritetsspråka. Det inneber å styrkje norsk i ein språkleg kvar dag som er meir og meir dominert av engelsk. Det inneber vidare å sikre dei mindre bruka språka som Noreg har ansvar for, slik at kulturstøtteordningar ikkje automatisk endar med å støtte det mest bruka språket. Endelig inneber det å identifisere og vurdere tiltak for å fjerne eventuelle utilsikta hinder for bruk av norsk som finst i kultursektoren.

Departementet meiner det er viktig å sjå på ordningar og tiltak utan eit eksplisitt språkleg føremål for å finne ut om dei har utilsikta språklege verknader. Når ein språkpolitisk dimensjon blir tilført kulturpolitikken meir eksplisitt, er det for å sikre at ordningane bidreg til å jamne ut konkurransetilhøva mellom engelsk og norsk på alle plattformer, og at tiltaka i tillegg verkar utjamnande for tilhøvet mellom nynorsk og bokmål, og mellom norsk og samisk.

Kulturdepartementet ventar at kultursektoren og mediesektoren bidreg til å formidle kultur- og språkuttrykk som spring ut av mangfaldet vi har i Noreg, inkludert norsk teiknspråk.

I ei tid med raske og omfattande endringar i konkurransen på mediemarknaden og i publikums medievanar er det viktig å syte for at befolkninga møter norsk, samiske språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk når dei brukar media.

Det betyr at omsynet til språk må vurderast særskilt i arbeidet med tiltak og ordningar på feltet.

Prioriteringar og vidare oppfølging

- Når Kulturdepartementet går gjennom lovgjeving, støtteordningar og andre verkemiddel, skal ein samtidig sjå om det finst hinder for bruk, utvikling og produksjon av kulturuttrykk på norsk – både bokmål og nynorsk – og på samiske språk.
- Kulturpolitikken skal bidra til å verne og fremje dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk.
- Regjeringa vil sikre at verkemiddelapparatet bidreg til utvikling og produksjon av norsk- og samiskspråkleg innhald på dei kunstarenaene som er utfordra av ein global marknad.
- Kulturdepartementet vil i dei samanhengane der det er naturleg, vere tydelege på det språkpolitiske ansvaret sektoren har.
- Kulturdepartementet vil ha fokus på kva kulturpolitikken har å seie for den språklege utviklinga.
- Kulturdepartementet vil kome tilbake til aktuelle språkspørsmål som gjeld musea i den varsla stortingsmeldinga om museumspolitik.
- Kulturdepartementet vil setje i gang eit arbeid som skal sjå på korleis dei kulturpolitiske, kunnskapspolitiske og næringspolitiske måla på litteraturfeltet kan oppfyllest endå betre i framtida. Arbeidet skal utformast i samarbeid med involverte departement.
- Regjeringa har varsla at ho vil kome med eit høyringsforslag om at norske og utanlandske tilbydarar av audiovisuelle bestillingstenester (strøymetenester) skal forplikte seg til å investere ein viss del av omsetninga si i norskspråklege audiovisuelle produksjonar. Tiltaket vil kunne føre til at fleire kjelder bidreg til finansieringa av norskspråklege filmar og seriar.

- Kulturdepartementet vil fortsette å støtte opp om det viktige arbeidet som organisasjonar og institusjonar på språkfeltet gjer for å skape positivt engasjement for språk.

1.6 Språk og teknologi

Punkt 6-9 i proposisjonen omtalar fire strategisk viktige domene for å sikre norsk språk som samfunnsberande: Teknologien, grunnopplæringa, forskning og høgare utdanning og språkvitenskapen.

Ein føresetnad for at norsk skal kunne vere eit samfunnsberande språk i åra som kjem, er at språket blir bruka i digitale produkt og tenester. Regjeringa vil derfor satse på infrastruktur som sikrar at språkteknologiske produkt fungerer på norsk. Vidare må ein sikre at det finst språklege grunnlagsressursar (data) som slike produkt byggjer på.

Målet til regjeringa er å leggje til rette for at alle – også samiske språkbrukarar – skal kunne ta del i det digitaliserte Noreg. Som for andre språk representerer digitalisering både moglegheiter og utfordringar for dei samiske språka. Samisk språkteknologi blir også omtala i komande melding til Stortinget om samisk språk, kultur og samfunnsliv, som skal handle om digitalisering. Kommunal- og moderniseringsdepartementet leiar arbeidet med meldinga.

Prioriteringar og vidare oppfølging

- Regjeringa ønskjer å leggje grunnlaget for ein digital infrastruktur for norsk språk.
- Arbeidet med å byggje opp grunnlagsressursar for utvikling av språkteknologi på bokmål, nynorsk, norske dialektar og samisk skal halde fram.
- Arbeidet med å etablere gode og trygge rutinar for avlevering av språkdata skal halde fram.
- Nasjonalbiblioteket og Språkrådet skal arbeide vidare med å gjere ressursane i Språkbanken kjende for utviklarar og bestillarar. Dette omfattar å gjere ressursane i Språkbanken synlege i offentlege portalar for opne data, som Data Norge og Felles datakatalog.
- I samsvar med føringane i Meld. St. 27 (2015–2016) Digital agenda for Norge og i strategiane som regjeringa har lagt fram for digitalisering av offentleg sektor og for kunstig intelligens, forventar regjeringa at offentlege verksemdar held fram arbeidet med god informasjonsforvaltning og deling av data.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet har forsterka informasjonsforvaltningsmiljøet i Digitaliseringsdirektoratet med ressursar som skal mogleggjere eit nærare samarbeid med Nasjonalbiblioteket og Språkrådet om strategiar for å sikre at offentlege språkressursar kan nyttast til språkteknologiske føremål. Dette kan mellom anna omfatte rettleiing i kva som kan reknast som språkressursar,

og arbeid for å sikre avlevering av slike språkressursar til Språkbanken.

- Regjeringa vil arbeide for at fleire forskingsdata kan gjerast tilgjengelege for språkteknologiføremål.
- Regjeringa vil utforme standardformuleringar til bruk i offentlege kontraktar for å gje offentlig sektor rett til språkressursane som kjem ut av omsetjingstenester og andre språktenester.

1.7 Språk i barnehage og grunnsopplæring

Språket er den viktigaste nøkkelen inn i store og små fellesskap i det norske samfunnet. Barn i barnehagen og elevar i grunnsopplæringa skal få oppleve, bruke og utforske språket og utvikle språkleg medvit.

Regjeringa har gjennom fleire prosjekt og satsingar lagt vekt på at alle barn og elevar skal få stimulering og støtte til språkutvikling og språkopplæring slik at dei får like moglegheiter til deltaking i lek og læring, eit godt utbytte av opplæring og utdanning og like høve til å bli aktive samfunnsborgarar og deltakarar i demokratiet. Norskopplæring for innvandrarakar er avgjerande for integrering og deltaking i det norske samfunnet.

Prioriteringar og vidare oppfølging

- Kunnskaps- og utdanningspolitikk er viktig språkpolitikk. Barnehagesektoren og opplæringssektoren er heilt avgjerande for at befolkninga får opplæring i norsk, samisk, kvensk eller norsk teiknspråk. Opplæringssektoren står i ei særstilling når det gjeld å sikre norsk og samisk som samfunnsberande språk. Derfor må det takast språkpolitiske omsyn når innhaldet i barnehage, skule og lærarutdanning skal utformast. Særleg viktige er dei språkpolitiske vurderingane, inkludert omsynet til ulike språklege mindretal, når det skal gjerast større systemendringar på feltet.
- Det skal leggjast til rette for at nynorskelevar og bokmåselevar får eit likeverdig høve til å meiste sitt eige språk.
- Regjeringa vil sørgje for at dei overordna språkpolitiske prinsippa blir følgde opp i utviklinga av innhaldet i barnehagen, skulen og lærarutdanninga, og vareta prinsippa i norsk språkpolitikk i språkopplæring og språkstimulering.
- Regjeringa vil utarbeide forslag til revidert opplæringslov. Forslaget byggjer på NOU 2019:23 Ny opplæringslov. Omsynet til dei språklege rettane til elevane vil vere eitt av fleire viktige tema. Oppfølginga vil vere i tråd med dei overordna prinsippa for språkpolitikken slik dei kjem til uttrykk i den nye språklova.
- Regjeringa vil leggje fram ei stortingsmelding om vidaregåande opplæring i 2021.
- Regjeringa vil leggje fram forslag til ny integreringslov.

- Regjeringa tek sikte på å innføre ei plikt for kommunen til å observere og vurdere alle barn før skulestart for å kunne identifisere dei som treng nærare kartlegging av norskkunnskapane sine.
- Regjeringa vil arbeide for at elevar med innvandrarbakgrunn styrkjer norskferdigheitene sine, mellom anna gjennom meir bruk av tospråkleg fagopplæring med støtte frå løysinga med nettbasert opplæring.
- Regjeringa vil leggje til rette for utvikling av kvalitetskriterium for val av læremiddel i norskfaget.
- Regjeringa vil styrkje teiknspråk i barnehage og skule gjennom ei tidsavgrensa stimuleringsordning som skal leggje til rette for at barnehagar, grunnskular og vidaregåande skular kan gje opplæring i teiknspråk til ei større gruppe av barn og unge.
- På bakgrunn av erfaringane frå forsøk vil regjeringa vurdere om teiknspråk skal innførast som valfag i ungdomsskolen.
- Språkrådet har eit særleg ansvar for å bidra til sektorovergripande implementering av språkpolitikken. Regjeringa forventar at Språkrådet og dei sentrale organa på utdanningsområdet samarbeider vidare om oppfølging av språkpolitikken på opplæringsfeltet.

1.8 Språk i forskning og høgare utdanning

Språk og språkbruk i forskning og høgare utdanning har stor innverknad på språkutviklinga elles i samfunnet. Forskinga utviklar ny kunnskap om verda vi lever i, og dermed ofte nye omgrep. Mykje av det språket vitskapen brukar i denne kunnskapsutviklinga, blir ein del av språket på andre samfunnsområde, til dømes i politisk debatt, medium, næringsliv, kultur og kvardagsliv. Forsking og høgare utdanning er tradisjonelt forbundne med høg sosial prestisje, dette kan også bidra til å auke den innverknaden akademisk språkbruk har på andre samfunnsområde.

At den offentlege debatten går føre seg på norsk, legg til rette for at fleire får høve til å delta, påverke og utvikle kunnskapane sine.

Mindre bruk av norsk i akademisk arbeid ved norske universitet og høgskular skapar ei rekkje utfordringar, som det vert gjort nærare greie for i meldinga.

Prioriteringar og vidare oppfølging

- Regjeringa vil vurdere korleis ein best kan regulere ansvaret for norsk fagspråk som institusjonane har, i forslaget til ny universitets- og høgskulelov, som regjeringa tek sikte på å leggje fram for Stortinget våren 2021.
- Regjeringa vil vurdere forslaga frå Lieutvalet om særfinansiering av utsette humaniorafag i lys av høringsrunden og kome med framlegg om tiltak.

- Regjeringa vil gå gjennom språkstrategiane ved universiteta og høgskulane og vurdere behov for tiltak for å sikre norsk fagspråk.
- Regjeringa vil gå gjennom tilskotsordninga for læremiddel i høgare utdanning i samråd med Diku og vurdere om det er behov for endringar i lys av den aktuelle språksituasjonen.
- Regjeringa vil be universiteta og høgskulane bidra til å sikre at masteroppgåver og andre omfattande, sjølvstendige arbeid på dette nivået som ikkje blir skrivne på norsk eller samisk, skal ha samandrag på norsk eller samisk.
- Regjeringa vil forbetre statistikken for undervisningsspråk og pensumsspråk gjennom sentral datafangst.

1.9 Språkvitskaplege disiplinar

Regjeringa vil bidra til å sikre norsk som eit velfungerande og brukande språk no og i åra som kjem. Befolkninga skal ha god tilgang til oppdatert og kvalitets-sikra kunnskap og informasjon om rettskriving og språk, basert på solid dokumentasjon av den språklege tradisjonen og av korleis språket blir bruka i samtida.

Forsking og utdanning innanfor fagfelte leksikografi, namnegransking og terminologi handlar såleis ikkje berre om å sikre norsk språk som kulturobjekt, men om å leggje til rette for effektiv kommunikasjon innanfor alle samfunnsområde, til gode for alle innbyggjarane i Noreg. Faga har med andre ord direkte nytteverdi for det norske språksamfunnet. På same måte som andre infrastrukturtiltak vil språklege infrastrukturtiltak kunne bidra til meir samarbeid, vekst og effektivisering.

Dei leksikalske faga har fått fornya og forsterka samfunnsrelevans i kraft av å vere kjerneressursar for gjennomføringa av det digitale skiftet. Språkteknologi er eit fag i møtepunktet mellom lingvistik og informatikk. Utvikling av språkteknologi på norsk med høg kvalitet er avhengig av at det finst datalingvistar med solid kompetanse i norsk språk.

Samfunnet har behov for ordbøker, terminologi og andre språkressursar i digital form og med kvalitetssikra innhald. For at desse ressursane skal kunne utviklast, må det finnast fagmiljø ved norske høgare utdannings- og forskingsinstitusjonar som kan syte for kompetanse, metodar og arbeidskraft på alle dei leksikalske fagfelte. Desse institusjonane må utvikle ei fornuftig arbeidsdeling og fruktbare samarbeidsformer. Til saman er dette ein sentral del av det samfunnsoppdraget norsk språkforsking har i det norske språksamfunnet.

Prioriteringar og vidare oppfølging

- Kunnskapsdepartementet og Kulturdepartementet vil i samarbeid med Universitetet i Bergen leggje til rette for utvikling og drift av Termportalen ved Uni-

versitetet i Bergen. Tiltaket skal bidra til å styrkje arbeidet med utvikling og formidling av norsk fagspråk i UH-sektoren og å gjere norskspråkleg terminologi tilgjengeleg for samfunnet elles.

- Kulturdepartementet tek sikte på framleis støtte til ordbokarbeid med utgangspunkt i dei fire verka Bokmålsordboka og Nynorskordboka, Norsk Ordbok og Det Norske Akademis ordbok.
- Kulturdepartementet vil framleis leggje til rette for oppdatering og utvikling av Bokmålsordboka og Nynorskordboka etter at revisjonsprosjektet er avslutta, slik at ordbøkene frametter kan oppdaterast jamleg, ikkje med store prosjekt for avgrensa periodar.
- Kulturdepartementet vil støtte Det Norske Akademis ordbok (NAOB) vidare, slik at kontinuiteten i prosjektet blir sikra. Samtidig ønskjer departementet å sjå satsinga på dei statleg finansierte ordbøkene meir samla og langsiktig. Derfor ser departementet det som tenleg at NAOB knyter seg nærare til ordbokarbeidet som departementet finansierer ved Universitetet i Bergen. Målet er å hente ut gevinstar ved at dei ulike verka dreg vekslar på kvarandre, og å bidra til eit sterkare leksikografisk fagmiljø. Kulturdepartementet vil be Universitetet i Bergen og Det Norske Akademi for Språk og Litteratur samarbeide om ein plan for korleis prosjekta kan samordnast. Departementet krev ikkje ei umiddelbar omstilling, men ein plan som rettar seg tydeleg mot målet om å skape fagleg meirverdi og å sikre samfunnet god tilgang til språkleg dokumentasjon og ordbøker.
- Ordbøker og ordbokverk som er bygde opp heilt eller delvis for offentlege midlar, bør gje opplysningar om kva som er offisiell rettskriving. Regjeringa ønskjer at Norsk Ordbok og Det Norske Akademis ordbok følgjer gjeldande offisiell rettskriving i oppslagsord, og at eventuell rettskrivingsvariasjon for grunnform og bøygde former blir vist med same status. Eventuelle former utanfor gjeldande offisiell rettskriving må markerast.
- Regjeringa vil arbeide for å fremje utvikling av norsk terminologi gjennom å omsetje standardar og å gjere omsett terminologi tilgjengeleg.

1.10 Norsk teiknspråk

Punkt 10 omtalar situasjonen for norsk teiknspråk som prekær. Språket har ei brukargruppe med eit spesielt utgangspunkt og er under press.

Teiknspråk er fullverdige språk og må ikkje sjåast på som hjelpemiddel for menneske med nedsett funksjonsevne. Teiknspråk er fullt utvikla språk med eigne grammatiske reglar og eigen setningsbygnad. Dei blir oppfatta visuelt (ved hjelp av synet) og uttrykte gestuelt (ved hjelp av synlege rørsler med hendene, andletet og

overkroppen). Dette skil teiknspråk frå talespråk, som blir oppfatta auditivt (ved hjelp av høyrsele) og uttrykte vokalt (ved hjelp av stemma).

Regjeringa vil verne og fremje norsk teiknspråk som kulturberar og del av det norske språklege mangfaldet. I framlegget til ny språklov får norsk teiknspråk status som det nasjonale teiknspråket.

Teiknspråkbrukarar har rett til å lære, møte og bruke språket sitt. Eit sentralt språkpolitisk mål må derfor vere å gje så mange som mogleg tilgang til norsk teiknspråk. Det er ikkje ei ulempe for døve og høyrselshemma barn å lære teiknspråk. Tvert imot gjev det dei tilgang til fellesskapen av teiknspråklege og alle teiknspråklege arenaer. For mange i denne gruppa vil også norsk teiknspråk vere den einaste reelle sjansen til å få eit fullt utvikla språk.

Prioriteringar og vidare oppfølging

- Regjeringa meiner det trengst ein brei gjennomgang av teiknspråkfeltet og vil derfor setje ned eit offentleg utval som skal levere ein NOU. Målet er å leggje grunnlag for eit meir heilskapleg bilete av norsk teiknspråk og behova til språkbrukarane og leggje til rette for ein god sektorovergripande språkpolitikk også på teiknspråkfeltet. Dette arbeidet skal bidra til å synleggjere den teiknspråklege minoriteten. Det er viktig at teiknspråkbrukarane er godt representerte i arbeidet. Ein viktig dimensjon ved arbeidet vil vere å sjå på tilgang til teiknspråk som ein grunnleggjande menneskerett.
- For å styrkje kvaliteten og kapasiteten på utdanning for teiknspråklærarar held regjeringa fram med å løyve midlar til studieplassar til utdanning innan teiknspråk ved OsloMet – storbyuniversitetet. Frå 2023 vil det bety ei samla styrking på 40 studieplassar.
- Regjeringa har òg løyvd midlar til utvikling av norsk teiknspråk som masterfag i grunnskulelæruddanningane for trinn 1–7 og trinn 5–10 og utvikling av eit emne i praktisk-pedagogisk utdanning i teiknspråkdidaktikk.

1.11 Språklova som tiltak

Punkt 11 i proposisjonen gjer greie for korleis framlegget til språklov er å forstå som fundament i ein aktiv språkpolitikk.

Føremålet med lovproposisjonen er å styrkje alle delar av det norske språket. Hovudmålet med språkpolitikken er å sikre norsk som hovudspråket i Noreg, som samfunnsberande språk for heile landet og som forvaltningsspråk i alle sektorar. At vi har to likeverdige og jamstilte norske skriftspråk, er ein verdi i seg sjølv, og språklova legg i tillegg vekt på mindretalsomsynet i eit demokratisk og fleirspråkleg samfunn. Staten får såleis eit særskilt ansvar for å verne og fremje nynorsk, samis-

ke språk, nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Dette skal bidra til meir rettferdige vilkår for bruk av små språk andsynes dei større språka.

Framlegget til språklov følgjer opp språkmeldinga (første del av proposisjonen) som det viktigaste tiltaket. Departementet understrekar at lovfestinga er eit verkemiddel for å bidra til at det offentlege sikrar språka på systematisk vis. I tillegg til ny lov trengst også andre tiltak, slik det er gjort greie for i meldingsdelen.

Punktet slår også fast at lovframlegget er inspirert av internasjonal språkrett, der språkvern er eit viktig demokratisk og kulturelt grunnprinsipp. Retten til å ytre seg på sitt eige språk og aksept for språket som ein integrert del av nasjonal kultur og tradisjon heng saman med ei plikt for staten til å halde språket i hevd og å gjere språket tilgjengeleg i samfunnet.

Vidare orienterer dette punktet om høyringa av lovframlegget som departementet gjennomførte hausten 2019. Hovudsynspunkt frå høyringa er refererte, men elles er synspunkta frå høyringsinstansane omtala i dei aktuelle punkta i dokumentet.

Proposisjonen inneheld òg eit lovforslag for å rette opp ein inkurie i lov av 16. juni 2017 nr. 50 om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda § 10 fjerde ledd.

1.12 Føremål, definisjonar og verkeområde for lova

Punkt 12 i proposisjonen slår fast at føremålet med lova er å styrkje norsk språk på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg, og å sikre at offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk, jf. § 1 Føremål. Med «norsk» er meint både bokmål og nynorsk, i tale og skrift.

Dei ulike reglane i språklova sikrar bruk, utvikling og styrking av norsk språk slik: Offentlege organ vil bruke norsk på ein måte som tener føremålet i lova når dei etterlever reglane om bruk av nynorsk og bokmål. Offentlege organ vil utvikle norsk når dei til dømes tek ansvar for å ha norske namn som følgjer offisiell rettskriving, og når dei skriv eit klart og mottakarretta forvaltningsspråk. Offentlege organ vil styrkje norsk når dei fremjar mindretalsspråket nynorsk og held fram med å bruke norsk som hovudspråk i den sektoren dei representerer.

Dei skal også bruke, utvikle og styrkje samiske språk slik det går fram av samelova. I tillegg skal offentlege organ verne og fremje nasjonale minoritetsspråk og norsk teiknspråk. Departementet føreslår å delvis innlemme fylkeskommunane inn i dei pliktreglane i mållova som i dag berre gjeld for statsorgan. Det er elles lagt opp til at språklova skal ha tilsvarande verkeområde som offentleglova.

Framlegg til forskrift om unntak frå pliktreglane i språklova vil bli sendt på alminneleg høyring.

Delar av språklova gjeld òg for munnleg språkbruk, jf. til dømes framlegget til §§ 4 til 6. Pliktreglane i §§ 12 til 18 gjeld likevel berre for skriftlege dokument i det offentlege, og desse reglane er i hovudsak ei vidareføring av reglane i mållova i dag.

1.13 Språka i Noreg

Punkt 13.1 i proposisjonen drøftar forslaget i § 4 om å lovfeste statusen til norsk språk slik at det blir nasjonalt hovudspråk.

Sjølv om norsk språk hittil saknar ein klar rettsleg status uttrykt i lovs form, kan norsk språk likevel kallast offisielt språk, ettersom denne termen ofte blir bruka om språk som i kraft av vedtak eller sedvane har rettsleg status som offentlig administrasjonsspråk i eit land. Administrasjonsspråket er ofte identisk med majoritetspråket i landet. At språket er offisielt, tyder då at staten har nærare definerte plikter og språkbrukarane nærare definerte rettar til å bruke dette språket i ulike former for språkleg kommunikasjon.

Forslaget vidarefører jamstillinga mellom bokmål og nynorsk.

Punkt 13.2 drøftar forslaget i § 5 om å slå fast status for samiske språk som urfolksspråk i Noreg. Den særskilde stillinga som samiske språk har i nasjonalt lovverk, gjer at departementet tilrår termen «urfolksspråk» om den nasjonale statusen samiske språk har i Noreg.

Punkt 13.3 drøftar forslaget i § 6 om å slå fast status for kvensk, romani og romanes som nasjonale minoritetsspråk. Det dreier seg både om å sikre ein viktig del av kulturgrunnlaget for dei nasjonale minoritetsgruppene sjølve og å yte eit norsk bidrag til å sikre språkmangfaldet i verda. Forslaget slår fast at kvensk, romani og romanes har like stor verdi som bruksspråk og kulturarv som norsk har.

Punkt 13.4 drøftar forslaget i § 7 om å slå fast status for norsk teiknspråk som nasjonalt teiknspråk. Forslaget slår fast at norsk teiknspråk er likeverdig med norsk, både som kulturuttrykk og som språkssystem. Norsk teiknspråk er ein del av den norske kulturarven og det språklege mangfaldet som det offentlege har ei plikt til å verne og fremje.

Punkt 13.5 drøftar forslaget i § 8 om å lovfeste ein rett til å få bruke svensk og dansk i skriv til norske styresmakter. Forslaget inneber samtidig at norske styresmakter skal kunne svare på norsk.

1.14 Klart språk og rettskriving

I Noreg finst det ikkje noko generelt rettsgrunnlag for å stille krav til det offentlege om å uttrykkje seg klart og forståeleg.

Punkt 14.1 i proposisjonen drøftar forslaget i § 9 om krav til bruk av klart språk i det offentlege. Paragrafen lovfestar eit ansvar for å kommunisere klart og språkleg korrekt på ein måte som er tilpassa mottakaren. God

språkleg kvalitet må til for å sikre den statusen norsk skal ha som forvaltningsspråk, samfunnsberande språk og nasjonalt hovudspråk. Kravet om bruk av klart språk i det offentlege gjeld også samiske språk.

Punkt 14.2 gjer greie for forslaget i § 10 om å slå fast ei plikt for offentlege organ til å bruke offisiell rettskriving. Det slås også fast at statsorgan skal ha namn som finst på norsk, men er ikkje til hinder for at statsorgan kan ha namn på engelsk og andre framandspråk i tillegg.

1.15 Språkvedtak og pliktreglane i lova

Punkt 15 i proposisjonen drøftar paragrafar som i hovudsak er ei vidareføring av gjeldande mållov. I punkt 15.1 gjer departementet greie for forslaget om å vidareføre reglane i mållova som seier at fylkeskommunar og kommunar kan krevje at statsorgan brukar eit visst skriftspråk i brev til fylkeskommunen eller kommunen. Sjå lovforslaget § 11 første ledd.

Punkt 15.2 gjer greie for forslaget om å forenkle reglane for utrekning av fleirtalsspråk innanfor tenesteområdet til eit regionalt statsorgan. Regelen i forslaget seier at det skal eit absolutt fleirtal av bokmåls- eller nynorsk-kommunar til for at eit regionalt statsorgan skal ha plikt til å bruke berre det eine skriftspråket i til dømes allment tilgjengelege dokument. Sjå lovforslaget § 12.

Punkt 15.3 gjer greie for reglane for veksling mellom bokmål og nynorsk i regionale statsorgan. Forslaget i § 13 er å skjerpe reglane, slik at det til dømes blir kvotefesta at også regionale statsorgan må bruke minst 25 pst. av det eine skriftspråket i allment tilgjengelege dokument. Denne regelen har til no berre sentrale statsorgan hatt plikt til å følgje. Fylkeskommunen blir etter forslaget omfatta av krava om å veksle mellom bokmål og nynorsk dersom dei sjølve har definert seg som nøytrale fylke utan eit spesielt skriftspråk som sitt språklege identitetsmerke.

Punkt 15.4 gjer greie for forslaget i § 14 om å vidareføre reglar i mållova om krav til at statsorgan lagar visse dokument til enkeltadressatar på bokmål og nynorsk samtidig. Forslaget er også at lova pålegg statsorgan å lage dokument som er meinte for skulebruk, på begge skriftspråk – av omsyn til nynorskelevar som møter lita støtte for skriftspråket sitt i samfunnet.

Punkt 15.5 grunnjev forslaget om å vidareføre reglane i mållova om at statsorgan skal skrive til enkeltpersonar og enkeltkommunar på det skriftspråket personen eller kommunen har valt. Etter forslaget skal også regelen gjelde for fylkeskommunar, som ikkje har hatt ei slik plikt før. Sjå lovforslaget § 15.

Punkt 15.6 formulerer på nytt og moderniserer reglane i mållova om at det er ei personleg tenesteplikt å bruke bokmål og nynorsk i skriftleg arbeid. Reglane blir justerte og gjorde gjeldande også for fylkeskommunane. Sjå § 16. Organet skal kunne krevje at dei tilsette brukar

bokmål og nynorsk når føremålet er at organet skal etterleve reglar om bruk av bokmål og nynorsk. Organet skal syte for å ha den nødvendige skrivekompetansen som skal til. Det går fram av reglane at organet kan frita medarbeidarar frå krava til å bruke bokmål og nynorsk dersom dei ikkje har gjennomført sidemålsopplæring. Reglane blir gjort gjeldande også for fylkeskommunen.

Punkt 15.7 drøftar kva klageretten etter språklova inneber. Departementet etablerer ein tydeleg klagerett i språklova § 17 for dei tilfella statsorgan bryt reglar om å utferde dokument som til dømes førarkort, skattekort, vitnemål, statsborgarbrev og liknande. Departementet føreslår å presisere kva effekten av klage etter lova er. Departementet føreslår ei eiga føresegn i § 18, som gjev språkorganisasjonar rett til å påpeike brot på reglane overfor eit statsorgan, sjølv om saka ikkje vedkjem dei sjøve.

1.16 Språkrådet

Punkt 16 og 16.1 i proposisjonen inneheld framlegget om å lovfeste Språkrådets oppgåver.

Verksemda i Språkrådet er i dag forankra i vedtekter fastsette av Kulturdepartementet 6. april 2017.

Lovforslaget § 19 gjev Språkrådet ansvar, mynde og oppgåver. Ansaret blir direkte knytt til reglane om det særlege ansvaret offentlege organ har for språka lova femner om, og til dei meir spesifikke reglane i §§ 11 til 18.

Språkrådet blir med dette sett på som eit verkemiddel for at lova blir etterlevd, og får heimel til å føre tilsyn og å rettleie. Dette sikrar at Språkrådets arbeid blir forankra i lov, og at Språkrådet får eit mandat for arbeidet som er tydeleg for Stortinget, forvaltninga og samfunnet.

Punkt 16.2 gjer greie for ein heilt ny regel i språkregelverket, nemleg at Språkrådet kan be om opplysningar frå tilsyns- og rettleiingsobjekt. Sjå lovforslaget § 20. Dette er ei viktig kontrollføresegn som effektiviserer til dømes tilsynsarbeidet.

1.17 Iverksetjing, overgangsreglar, endringar i andre lover

Punkt 17 inneheld dei reglane som er føreslåtte for iverksetjing og oppheving, og overgangsreglar.

Departementet gjer framlegg om at språklova skal gjelde frå den tida Kongen fastset. Frå same tid vil mållova bli oppheva.

1.18 Økonomiske og administrative konsekvensar

Punkt 18 inneheld ei utgreiing av dei administrative og økonomiske konsekvensane av lovframlegget.

Framlegget til språklov er utforma slik at det ikkje skal påføre det offentlege eller andre samfunnsaktørar nemnande økonomiske og administrative byrder ut

over det som følgjer av gjeldande rett, medrekna folkerettslege plikter.

1.19 Merknader til dei enkelte paragrafane i lovfor-slaget

Punkt 19 inneheld merknader til dei enkelte paragrafane.

2. Merknader frå komiteen

2.1 Generelle merknader

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Trond Giske, Odd Omland og Anette Trettebergstuen, frå Høgre, Marianne Haukland, leiaren Kristin Ørmen Johnsen og Tage Pettersen, frå Framstegspartiet, Himanshu Gulati og Silje Hjemdal, frå Senterpartiet, Åslaug Sem-Jacobsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Freddy André Øvstegård, og frå Kristeleg Folkeparti, Jorunn Gleditsch Lossius, viser til at norsk er den identitetsmarkøren som i sterkast grad knyter saman alle som bor i landet vårt.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti, er glade for at regjeringa fremjar forslag til ny språklov, som skal leggje grunnlaget for ein offensiv språkpolitikk som omfattar språka den norske staten har ansvar for. Eit hovudmål med språkpolitikken er å sikre norsk som hovudspråk i Noreg, som samfunnsberande språk for heile landet, og som forvaltningsspråk i alle sektorar. Fleirtalet er positive til at lova skal bidra til å verne og fremje samiske språk, dei nasjonale minoritetsspråka, kvensk, romani og romanes, og norsk teiknspråk. Språklova skal erstatte den gjeldande mållova (lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentlig teneste) og inneheld også forslag til nye føresegner om språk i Noreg. Språklov og språkmelding blei også varsla i Meld. St. 8 (2018–2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida.

Fleirtalet viser til at kulturmeldinga slår fast at språket er den fremste beraren og formidlaren av kultur, historie og identitet. Kultur og språk er knytte uløysleg saman. Noreg har eit særleg ansvar for norsk, både bokmål og nynorsk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka. Desse språka er ein grunnleggjande del av kulturen og identiteten til den enkelte språkbrukaren, både dei som har eit av desse språka som førstespråk, og dei som er to- eller fleirspråklege.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, er glade for at det endeleg kjem ei språklov, og at lova tek sikte på å styrkje norsk språk.

Dette fleirtalet viser til at eit levande språkleg mangfald er ein føresetnad for mangfald, demokrati og ytringsfridom i det norske samfunnet. Det er viktig å slå fast at norsk skal vere det samfunnsberande språket i Noreg, og at mindretalsspråka har særskilde behov for vern og styrking – dette er ein føresetnad for mindre forskjellar og like moglegheiter. Norsk språk er under press frå engelsk, særleg i akademia og i det private næringslivet. Samtidig er nynorsk under press frå bokmål, eit press som mellom anna fører til manglande læreressursar i barnehage og skule, språkbyte frå nynorsk til bokmål for elevar i skulealder, svekking av nynorsk i kommunar som blir del av store bokmålsområde grunna kommune- og fylkessamanslåingar, og manglande oppfylling av den gjeldande mållova mellom anna i akademia og statlege verksemdar.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti er derfor skuffa over at regjeringas forslag til ny språkløyve er ei svekking av det norske språket samanlikna med den gjeldande mållova, og i sterk kontrast med det uttalte føremålet til lova. Desse medlemene konstaterer at partiet Venstre, som tradisjonelt sett har halde den språkpolitiske fana høgt, med dette leverer eit svakt grunnlag for å ta vare på norsk språk i lovform.

Svekta krav til skrivekompetanse hos dei tilsette i staten er det målorganisasjonane har reagert sterkast på då lova var på høyring, og er saman med svekt klagerett når språkkreftar ikkje blir oppfylte, i sum ei svekking av nynorskbrukarane sine rettar. Desse medlemene vil vidareføre ordlyden frå dagens mållov, som krev at tilsette i staten skal skrive på begge språk. Når regjeringa i tillegg ønskjer at regelen skal gjelde tilsette i språknøytrale fylkeskommunar, er det naturleg at fylkeskommunane får tid på seg til å innhente den naudsynte kompetansen, og desse medlemene foreslår derfor ei mindre forpliktande formulering for desse. Desse medlemene vil også understreke at den reviderte opplæringslova som blir omtalt i meldinga, er eit viktig språkpolitisk dokument, og vil krevje at regjeringa i denne lova kjem med sterkare verkemiddel for å sikre nynorsk i barnehage, skule og opplæring av vaksne innvandrarar, og for å sikre ein reell tilgang på læremiddel på begge språk.

Desse medlemene er uroa for domenetap for norsk språk på viktige område i samfunnet, det gjeld særleg i akademia og næringslivet. Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil derfor følgje opp Språkrådets høyringsforslag og foreslå ein ny paragraf som stadfester at det offentlege har ansvar for å utvikle og bruke norsk terminologi og fagspråk og å gjere det tilgjengeleg på begge målformer innanfor sitt fagområde. Desse medlemene er òg uroa over nedbygginga av viktige fagfelt som namnegransking og dokumentasjon, og vil

be regjeringa sikre at dokumentasjon og normering av norsk språk skal vere eit offentleg oppdrag ved ein norsk vitskapleg institusjon.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, viser til at Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti «vil be regjeringa sikre at dokumentasjon og normering av norsk språk skal vere eit offentleg oppdrag ved ein norsk vitskapleg institusjon». Fleirtalet ønskjer å streke under at normering av norsk i dag er ei oppgåve Språkrådet har. I framlegg til språkløyve § 19 vert dette stadfesta: «Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og forvaltar dei offisielle skriftnormane for bokmål og nynorsk». Fleirtalet meiner at det vil bryta med norsk språkpolitikk fram til i dag om ein vitskapeleg institusjon skal ha normativt ansvar.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti deler ikkje Arbeidarpartiets negative syn på innhaldet i lova. Desse medlemene er trygge på at den nye språkløva styrkjer nynorskens rolle og posisjon i samfunnet. Mellom anna så har språkorganisasjonane trekt fram at det er fleire gode element i den nye lova. Desse medlemene ser særleg det styrkte føremålet i lova som svært positivt. At lova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst bruka språket nynorsk, er eit steg på rett veg for ein språkpolitikk som anerkjenner at det er eit skeivt styrketilhøve mellom nynorsk og bokmål. Desse medlemene ser òg at proposisjonen er særleg sterk på dei delane som omhandlar språkteknologi og språkvitenskaplege disiplinar.

Desse medlemene meiner òg at det er svært positivt at fylkeskommunen no får utvida plikter som vil sikre at nynorskbrukarane vil sjå meir av språket sitt. Desse medlemene har òg i eigne merknadar peika på styrkingar i lova innan område som sanksjonar, nynorsk i barnehagar, læremiddel på båe målformer, krav til NRK, sektorspesifikt ansvar, rapportering, lovspråk, ASK (alternativ supplerande kommunikasjon), scenekunst, kulturarv og film. Desse medlemene ser fram til det vidare arbeidet med lova og er glade for styrkingane av nynorskens rolle og posisjon.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti reagerer på at Språkrådet, statens fagorgan i språkspørsmål, i praksis ikkje blir lytta til når halv- og heilstatlege verksemdar skal få nye namn. Engelske namn og namn som bryt med gjeldande rettskriving, er på sikt med på å legitimere ei nedbryting og svekking av det norske språket. Desse medlemene ønskjer derfor å styrkje Språkrådets stilling ved å klargjere statens plikt til å konsultere Språkrådet ved stadfesting av slike nye namn. I tillegg meiner desse medlemene at det

er naudsynt å slå fast at statens språkpolitikk, medrekna bruken av norsk når nye namn skal lagast, også skal gjelde i føretak der staten berre er delvis inne på eigarsida.

Desse medlemene ser med undring på at forslaget til ny lov ikkje kjem med påfølgjande sanksjonsmoglegheiter. Førti år med mållov har vist at der det ikkje finst sanksjonar, er viljen til å følgje reglane staten har pålagt seg sjølv, varierende. Desse medlemene meiner eit så viktig samfunnspolitisk dokument som ei ny språklov må gjevast tyngde gjennom tydelege konsekvensar ved dokumenterte brot på lova, og vil derfor be regjeringa komme tilbake med forslag til sanksjonsmoglegheiter.

2.2 Språkpolitiske mål

Komiteen viser til dei språkpolitiske måla som er lagde fram i proposisjonen, og der norsk skal sikrast som hovudspråk og samfunnsberande språk i Noreg. I dette ligg det at norsk er eit rikt og levande språk som kan nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet. Det offentlege skal ha eit særleg ansvar for å bruke, utvikle og styrkje norsk språk. Komiteen viser til at språkpolitikken skal sikre likestilling mellom dei to skriftspråka bokmål og nynorsk.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, meiner at situasjonen for nynorsk skal vurderast særskilt i regelverksarbeid som gjeld norsk språk.

Fleirtalet meiner at departementa skal ta språkpolitiske omsyn når dei utformar og gjennomfører eigen sektorpolitikk.

Komiteen meiner at det offentlege skal verne og fremje samiske språk, kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk. Språkpolitikken er sektorovergripande og handlar om språk og språkbruk innanfor alle sektorar.

Komiteen viser til at retten til språk er eit grunnvilkår i demokratiet, også retten til minoritetsspråk. Dette skal sikre innbyggjarane ytringsfridom. Det norske språket skal vere eit godt bruks- og kulturspråk som utviklar seg i takt med samfunnet og kunnskapsutviklinga elles.

2.3 Bakgrunn

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, er glade for at regjeringa følgjer opp Granvolden-erklæringa, som slår fast at:

«Språk er grunnleggande for tenking og samhandling, ein viktig del av kulturarven og ein føresetnad for deltaking i demokratiet. Regjeringa vil sikra gode bruks- og opplæringsvilkår for dei offisielle språka i Norge og dei to jamstilte målformene i norsk.»

Samstundes vil regjeringa:

«fremje forslag om ei ny heilskapleg språklov som fører vidare prinsippa i lovverket i dag knytt til jamstille målformar, teiknspråk og minoritetsspråk, og vurdere tiltak for å styrkje hovud- og sidemålsopplæringa for tidleg alderstrinn, og dessutan opne for lokale prøveordningar.»

Ei overordna språklov blei først varsla i St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining – Ein heilskapleg norsk språkpolitikk. Ein samla familie-, kultur- og administrasjonskomité slutta seg til at det er eit klart behov for ei lovforankring av språk i Norge, jf. Innst. S. nr. 184 (2008–2009). Språklov og språkmelding blei også varsla i Meld. St. 8 (2018–2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida.

2.4 Sektorspesifikt ansvar for språk

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti merkar seg at Kulturdepartementet vil utarbeide ein rettleiar for det sektorspesifikke ansvaret for språk. Dette kan vere med på å styrkje det språkpolitiske arbeidet i praksis. Desse medlemene ventar at rettleiaren mellom anna tilrår at følgjande prinsipp blir vurderte når sektoransvaret for språk skal konkretiserast: 1) språkpolitiske konsekvensar ved lov- og meldingsarbeid, 2) identifisere språkpolitisk ansvar hos underliggjande etatar og tilskotsmottakarar og ved utforming av tenester i sektoren, og 3) ansvar for å ivareta norsk og samisk fagspråk i sektoren, inkludert fagformidling og terminologiarbeid.

Desse medlemene meiner at departementa burde ta del i utviklinga av norsk og samisk fagspråk på sine fagområde, i samråd med universitet og høgskular, som allereie har eit særskilt ansvar for vedlikehald og vidareutvikling av fagspråk etter universitets- og høgskuleloven § 1-7. Eit døme på eit slikt godt fagspråk kan vere å legge til rette for gode termlister på nynorsk, bokmål, samisk og engelsk.

Desse medlemene ser at det kan vere fornuftig å peike på at nokre etatar må ta eit særleg språkpolitisk ansvar sidan dei forvaltar særleg avgjerande område. Dette kan særleg gjelde etatar under Kulturdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Desse medlemene merkar seg at Kulturdepartementet ikkje finn det føremålstenleg å vidareføre krav om stortingsmelding om målbruk i offentlig teneste kvart fjerde år. Desse medlemene stør departementet i at det likevel må vere ei form for rapportering til Stortinget i kvar stortingsperiode. Det skapar debatt, kunnskap og gjev moglegheit for oppfølging av språkpolitikken på alle sektorområde.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstre-

parti vil minne om at opplæringspolitikk i høgste grad er språkpolitikk, og det er i hovudsak i skulen at nye nynorskbrukarar kjem til eller forsvinn. Korleis situasjonen er på utdanningsfeltet, er heilt avgjerande for framtida til nynorsken som skriftspråk. Utan å seie noko om stoda her er det umogleg å gi eit bilde av språksituasjonen i Noreg som heilskap. Desse medlemene registrerer at departementet skriv at ei form for rapportering til Stortinget vil vere ein viktig del av tiltaka for oppfølging av språklova og språkpolitikken, og krev at også opplæringsfeltet blir ein del av ein slik rapport.

Evaluering og sanksjonar

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti har merka seg at fleire aktørar meiner at mangelen på sanksjonar gjer at lova ikkje blir følgd opp. Desse medlemene meiner at språklova må følgast opp, og at departementet må vurdere sanksjonar om det viser seg at lova ikkje vert følgd. Desse medlemene meiner vidare at lova og dei andre verkemidla i denne proposisjonen må verte evaluerte seinast i 2030, og at ein då må vurdere om sanksjonar kan vere eit godt verkemiddel.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at fleire høyringsinstansar stiller spørsmål ved om det er tilstrekkeleg med tilsyn og rettleiing frå Språkrådet utan at det finst moglegheiter for sanksjonar dersom brot på lova skulle førekomme. Desse medlemene viser til at den regelen som oftast blir broten i dagens mållov, er kravet om 25 pst. nynorsk i statlege verksemder. Desse medlemene meiner at erfaringane så langt viser at regelen om 25 pst. nynorsk i statlege verksemder ikkje vert følgd, og derfor bør ein vurdere å innføre sanksjonar.

På denne bakgrunnen fremjar desse medlemene følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om kva sanksjonar som skal gjelde ved brot på språklova.»

Lovspråk

Medlemene i komiteen frå Høgre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti delervurderinga i proposisjonen om at det er uheldig at nynorsk står svakare som lovspråk enn intensjonen var i St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og meining, og at Språkrådet melder at fleire lovutval byter lovspråk frå nynorsk til bokmål. Desse medlemene meiner at lover som er på nynorsk i dag, i hovudsak bør reviderast og leggjast fram for Stortinget på det same språket.

Utfordringar og strategiar

Medlemene i komiteen frå Høgre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti meiner det er eit viktig prinsipp at tilsette og innbyggjarar i tospråklege kommunar får nytte det språket dei føler at dei meistarar best. Desse medlemene meiner det er viktig at kommunar som er tospråklege, har ein språkstrategi der språk og offentleg deltaking for samisk og norsktalande vert drøfta og teke vare på.

2.5 Språkdimensjonen i kulturpolitikken og mediepolitikken

Komiteen viser til at den språklege sida av mediepolitikken tradisjonelt har fått lite merksemd. Dei seinaste åra har merksemda auka om den sentrale rolla media har for språket, på begge målformer. Det kjem av framveksten av globale aktørar som digitale sosiale nettverk, kor særleg mange unge dagleg vert eksponerte for engelsk som språket som vert nytta. Departementet peiker i 5.2.1 på at «Utviklinga syner kor viktig det er for norsk mediespråk at NRK har breitt gjennomslag i folket, og særleg blant barn og unge». Det same gjeld i like stor grad for resten av mediebransjen.

Komiteen peiker på at journalistiske medium styrte av redaktørar er ein grunnstein i demokratiet. Dei har òg ei sentral rolle i språkutviklinga. Deira moglegheit til å finansiera journalistikk er under press – for ein stor del fordi globale sosiale nettverk er sterke konkurrentar til desse media. Dei sosiale nettverka si kraftige vekst og utbreiing gjev difor ytterlegare utfordringar for små språksamfunn, av di sjølv grunnlaget for samfunnet, språket, vert sett i press. Norsk språk si utvikling er tett knytt til media si utvikling. Ein sær stor del av skriftleg norsk borgarane møter kvar dag, er innhald i frå media. Dei utviklar og held språket i hevd, slik at det er eit levande skriftleg nyttespråk for folk.

Komiteen understrekar kor viktig det er å støtte opp om språkleg formidling, debatt om samfunnet, norsk språk og kultur. Komiteen peikar på at det er viktig at all journalistikk som vert styrt av redaktørar, får gode rammer og vilkår, slik at dei kan løyse sine oppgaver best mogleg og til det beste for samfunnet. På det vi set tek ein òg vare på språket.

NRK

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, meiner det er særleg viktig at NRK arbeider med å nå målet om 25 pst. nynorsk tekst i digitale tenester.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti er nøgde med at NRK i 2019 nådde målet om 25 pst. nynorsk samla, når det inkluderer dialektbruk i radio og fjernsyn.

Film og dataspel

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, merkar seg at svært få filmar, dataspel og strøymetenester er teksta på nynorsk. Fleirtalet meiner at i tråd med § 1 i språkløva og den språkpolitiske dimensjonen i mediepolitikken skal ein prioritere nynorsk tekst og tale der det er mogleg.

Eit anna fleirtal, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser også til den språkteknologiske satsinga regjeringa foreslår i denne proposisjonen, og meiner det kan vere eit godt utgangspunkt for å få meir nynorsk teksting i digitale medium.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, peikar på det viktige arbeidet som vert gjort av samiske filmmiljø og Internasjonalt Samisk Filminstitut (ISFI) med å lyfte fram samisk språk- og historieforteljing. Fleirtalet ønskjer å lyfte fram ISFI sitt mål om meir samisk film og produksjon av ein langfilm i året. På same vis ønskjer fleirtalet at instituttet jobbar for å lage ein samisk langfilm for barn og unge på samisk. Fleirtalet meiner arbeidet til ISFI er viktig for å gjere samisk språk gjeldande og relevant på kulturfeltet og er eit viktig tilskot til debatt og kultur i den samiske folkesetnaden. Fleirtalet ønskjer å rose miljøa for å søkje samarbeid med store internasjonale filmmiljø, mellom anna eit samarbeid som har sikra at Disney har gitt ut filmserien «Frost» på samisk. Det har vore til stor glede for mange samiske barn.

Den språkpolitiske dimensjonen på kunst- og kulturfeltet

Komiteen meiner at kulturtilbod og opplevingar på nynorsk og regionale dialekter er ein styrke for norsk språk og kultur. Til dømes er Det Norske Teatret sitt arbeid med å famne folket og gjere språket tilgjengeleg eit positivt bidrag i samfunnet.

Komiteen minner om at Bergen som største by i Noregs desidert største nynorskregion har godt av eit vitalt kulturliv som også speglar språket og identiteten i heile regionen.

Komiteen viser til at både Sunnfjord kommune og Nynorsk kultursentrum har teke initiativ til nettverk for å styrkje nynorsk kulturformidling i til dømes bibliotek, kulturhus, museum og scenekunstinstitusjonar. Komiteen er positive til samarbeid som er med på å styrkje den språkpolitiske dimensjonen av kulturpolitikken på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå.

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, merkar seg at særleg desse fire scenekunstinstitusjonane arbeider

med utvikling av nynorsk som scenespråk: Teater Vestland, Det Vestnorske Teatret, Opera Nordfjord og Det Norske Teatret. Komiteen er opptekne av å gi desse rammevilkår som sikrar rekruttering av nye dramatikarar og skodespelarar som meistrar nynorsk scenespråk.

Eit anna fleirtal, medlemene frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, vil nemne Det Vestnorske Teatret si satsing på lokale forfattarar av nasjonalt format og deira tydelege investering i utøvarar som uttrykker seg på vestnorske målføre, som eit godt eksempel på ei viktig satsing. Teatret si utvikling styrkar nynorsken og dialektane i regionen. Denne utviklinga må ivaretakast.

Kulturarv

Komiteen viser til at det er eit mangfald av museum som arbeider med blant anna samiske språk, kvensk, romani, nynorsk og teiknspråk. Komiteen meiner desse musea kan samarbeide tettare for å formidle språkleg mangfald og å vere ressursar for språkdimensjonen av museumsarbeidet elles.

Komiteen viser til at regjeringa har varsla at det kjem ei ny museumsmelding der den språklege dimensjonen i kulturarven kan følgast opp av komiteen.

2.6 Språk og teknologi

Den teknologiske utviklinga har gjennomgripande konsekvensar for korleis vi lever, arbeider, samhandlar og kommuniserer. Vi omgir oss med stadig fleire produkt og tenester som byggjer på språkteknologi. Komiteen meiner at dette gir store moglegheiter innan informasjonshandsaming, kommunikasjon, effektivisering, inkludering og innovasjon. Nyvinningar som stemmestyring er eit nyttig hjelpemiddel i kvardagen til folk som har vanskar med å lese og skrive, og blinde kan få dagens nyheiter lest opp av ein robot som siterer aviser. Fleire tenester har chatte-robotar som hjelper brukarar og kundar.

Kapittelet om språk og teknologi i meldingsdelen omtaler prioriteringa og vidare oppfølging. Der går fram at regjeringa ønsker å leggje grunnlaget for ein digital infrastruktur for norsk språk, og at arbeidet med å byggje opp grunnlagsressursar for utvikling av språkteknologi på bokmål, nynorsk, norske dialektar og samisk skal halde fram. Komiteen strekar under viktigheita av språklege grunndata i dei digitale teknologiane, og at dette er avgjerande for at dei norske språka ikkje skal miste domene i den digitale utviklinga. At grunnlagsressursar i Språkbanken er tilgjengeleg for alle kommersielle aktørar og offentlege utviklarar er viktig for den vidare utviklinga av språkteknologien.

Komiteen viser til omtale i meldingsdelen av teknologi og språk. Komiteen er samstemt om at grunn-

laget for den digitale infrastrukturen for norsk språk skal sikrast sentralt og er ei statleg oppgåve. I dette ligg det at ein må arbeide for å bygge opp grunnlagsressursar for utvikling av språkteknologi – slik som med Språkbanken, der staten sikrar grunndata som igjen kan brukast av kommersielle aktørar i produktutvikling av velferdsteknologi eller annan teknologisk innovasjon, der språk- og taleteknologi bør vere på norsk eller samisk. Komiteen meiner det er i Noregs interesse at norsk språk ikke mister domene til språk som engelsk på teknologiske nyvinningar som bruker språkteknologi, og at staten må gjere språkressursar tilgjengeleg for kommersiell bruk.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti viser til den store interessa for at alternativ og supplerande kommunikasjon (ASK) vert verdsett som eit eige språk i språklova. Desse medlemmene meiner det er meir formålstenleg å peike på at kapittelet om språk og teknologi syner til mange område og prosjekt som er sær sentrale for denne brukargruppa. Desse medlemmene meiner difor at det er naturleg at staten stiller med sine språkressursar, slik som Språkbanken, slik at det kan utviklast nye språkteknester og produkt som er retta mot denne brukargruppa.

Desse medlemmene meiner at det er viktig at punkta om ASK i lova om opplæring vert vidareførte i nytt framlegg til lov om opplæring. Desse medlemmene ber difor om at ein i forbindelse med ny lov om opplæring vurderer å gje ein rett til tilleggstimar for opplæring i ASK.

Komiteens flertall, medlemmene fra Høyre, Fremskrittspartiet og Kristelig Folkeparti, vil vise til at teknologisk utvikling og bruken av blant annet kunstig intelligens innenfor oversettelse kan endre behovet for manuelle tolketjenester i de kommende årene.

Komiteen viser til høringsinnspillet fra Løveammaene. De viser på sine sider til at så mange som 7 500 barn snakker med symboler. Dersom vi inkluderer voksne som er avhengige av symboler for å kommunisere, og pårørende, venner, kollegaer/medelever og helsepersonell, er det svært mange som bruker symbolspråk i hverdagen, og flere av disse har det som sitt primære språk. Symbolspråk forutsetter hjelpemidler, enten det er papirbasert, lavteknologiske talemaskiner eller høytteknologiske talemaskiner. Det forutsetter også opplæring av pårørende og i apparatet rundt personen som bruker symbolspråk. Med rett utstyr og rett opplæring kan deltagelsen i samfunnet og muligheten til å kommunisere øke betraktelig.

Komiteens medlemmer fra Arbeiderpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti mener at siden symbolspråk forutsetter hjelpemidler og opplæring, gjør dette det ekstra viktig å lovfeste at også de som er avhengig av symbolspråk, har rett til sitt eget språk.

Disse medlemmer merker seg at retten til ASK, alternativt supplerende kommunikasjon, er foreslått tatt ut i forslag til ny opplæringslov. Det mener disse medlemmer er uheldig, og viser til at da retten kom inn i 2009, stod et samlet storting bak. Disse medlemmer ber derfor regjeringen revurdere stillingen til ASK i opplæringsloven før den fremmes for Stortinget.

Disse medlemmer mener at retten til et språk er helt avgjørende i et menneskes liv. Ved å inkludere symbolspråk i språkloven anerkjenner vi at symbolspråk er en språkform, som for mange tusen barn og voksne er deres eneste språk. De er avhengige av dette språket for å uttrykke helt grunnleggende behov. Symbolspråk sikrer ikke bare retten til å si fra om egne behov og ønsker, men kan også sikre at barn får varslet om alvorlige overgrep.

På denne bakgrunn fremmer disse medlemmer følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med en sak om symbolspråk, der det foreslås hvordan retten til symbolspråk kan innlemmes i språkloven.»

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Senterpartiet viser til at det er ca. 7 500 barn som snakker med symboler. Dette betyr at det er langt flere når man teller med mennesker over 18 år. I tillegg har man pårørende, familie, venner, skolekamerater/arbeidskamerater, fagfolk osv., som skal kunne snakke med personer som bruker ASK/symbolspråk.

Disse medlemmer finner det vanskelig å forstå at ASK/symbolspråk ikke blir omtalt i større grad av Kulturdepartementet, som også har et ansvar for likestilling, inkludering og mennesker med funksjonsnedsettelser.

I verste fall kan dette oppleves som en diskriminering av flere tusen mennesker i Norge. Disse medlemmer oppfordrer derfor Kulturdepartementet til å ha et særskilt fokus på dette, slik at spesielt barn og unge som ikke kan snakke med munn eller f.eks. hender, får styrket sine muligheter gjennom ASK/symbolspråk.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en sak om hvordan særlig barn og unge som mangler tale- eller tegnspråk, kan inkluderes bedre i samfunnet ved hjelp av bl.a. ASK/symbolspråk.»

2.7 Språk i barnehage og grunnsopplæring

Komiteen viser til omtale i meldingsdelen av språk i barnehage og grunnsopplæring, og viser til at språkstimulering, språkutvikling og opplæring i språk for barn, unge og voksne er forankra i barnehageloven med forskrift, i opplæringslova med forskrifter, i integreringsloven og i sameloven.

Språkpolitikken heng uløseleg saman med språkpolitikken og kunnskapspolitikken. Komiteen viser til at barnehagesektoren og opplæringssektoren er heilt avgjerande for at befolkninga får opplæring i norsk, samisk eller norsk teiknspråk. Vidare står opplæringssektoren i ei særstilling når det gjeld å bidra til å sikre norsk og samisk som samfunnsberande språk.

Nynorsk i barnehage og grunnsopplæring

Medlemene i komiteen frå Høgre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti ser òg at ein kan gjere meir arbeid for å sørge for at nynorsk er meir til stades i barnehagane i dei kommunane som nyttar nynorsk. Desse medlemene meiner at departementet her må følgje opp for å støtte bruken av nynorsk i desse barnehagane der det er naturleg.

Desse medlemene viser til at Stortinget einstemmig ved handsaminga av Innst. 68 S (2016–2017), jf. Dokument 8:116 S (2015–2016), vedtok å greie ut endring av opplæringslova for å sikre at elevar i ungdomsskulen har rett til opplæring på hovudmålet og rett til å høyre til eiga gruppe. Desse medlemene merkar seg at dette ikkje er greidd ut i NOU 2019:23 Ny opplæringslov, og ventar at regjeringa følgjer opp dei overordna prinsippa i ny språklav når dei skriv sitt framlegg til opplæringslova – på eit slikt vis at NOU er i tråd med språkpolitikken som har vorte uttrykt i ny språklav.

Desse medlemene meiner det er naturleg at regjeringa i arbeidet med ny opplæringslov ser på moglege tiltak for å styrkje den digitale kvardagen for nynorskelevane.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti konstaterer at regjeringa unnlet å peike på ei rekke viktige utfordringar på opplæringsfeltet i forslaget til ny lov.

Desse medlemene viser til at utfordringane med nynorsk i barnehagen ikkje er nemnde med eit ord. At barnehagefeltet ikkje i det heile er regulert med eit opplæringsmål, skaper utfordringar for den tidlege språkopplæringa som går føre seg i barnehagen. I dag kan du i ein barnehage i eit nynorskområde synge songar og lese bøker på berre bokmål. I tillegg kan du drive aktiv språkstimulering og omgrepslære på bokmål til ungar som skal ta til i ein nynorskskule.

Regjeringa viser til at dei skal utarbeide forslag til ny opplæringslov. Opplæringslova er ei sentral språklav.

Desse medlemene ber regjeringa i forslag til ny opplæringslov ta omsyn til situasjonen for nynorsk i barnehagen.

Samiske språk

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, viser til at det er sterkt behov for fleire samiske lærarar. Dette er tatt opp i Riksrevisjonens rapport, Dokument 3:5 (2019–2020). Fleirtalet viser til at regjeringa gjennomfører eit kompetanse- og rekrutteringsløft for å sikre kvalifiserte lærarar.

Læremiddelsituasjonen

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, merkar seg at ein del digitale program, verktøy og ressursar ikkje vert definerte som læremiddel, det kan vere fordi dei ikkje er knytte til kompetansemåla i læreplanen. Fleirtalet er uroa for at elevar med nynorsk som hovudmål møter mindre nynorsk, og meir bokmål og engelsk, i undervisinga enn tidlegare. Med fleire hjelpemiddel og verktøy som ikkje kjem innanfor definisjonen av læremiddel i bruk i skulen, vert både språk- og opplæringspolitikken motarbeidd. Fleirtalet viser til «Rapport om digitale læremiddel i skulen med tanke på nynorsk», der ein ser at kommunar som Lom, Fjell, Volda og Ulstein overheld opplæringslova, men nyttar både administrativ programvare og mange læringsverktøy utan nynorsk som språk. Dette gjer elevane mindre trygge på språket sitt. Fleirtalet meiner det er naturleg at regjeringa i arbeidet med ny opplæringslov ser på moglege tiltak for å styrkje den digitale kvardagen for nynorskelevane.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti viser til at regjeringa har gjeve tilskot til både innkjøp og utvikling av digitale læremiddel til dei nye læreplanane for Kunnskapsløftet 2020 (fagfornyninga). Eit vilkår i alle tilskotsordningane er at læremidla skal kome ut på begge målformer til same pris og til same tid. Det vert òg stilt krav om at dei digitale læremidla skal kunne setjast om til samisk. Desse medlemene viser til at denne lova vert følgt opp i ny opplæringslov, der læremidla skal vere i tråd med målsetnadene i § 1, dette gjeld også digitale læringsplattformer, teksthandsamingsprogram og digitale hjelpemiddel som er i jamleg bruk. Det heng ikkje på vilkår om at dei dekkjer større delar av læreplanen eller ikkje.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at mangelen på læremiddel på nynorsk for voksne innvandrarar gjer at mange kommunar ikkje ser anna råd enn å undervise på bokmål. Dette svekkjer moglegheita for innvandrarar til å få kjennskap til språk-

ket som er mest brukt der dei bur. Desse medlemene ber regjeringa syte for at læremiddel på begge språk er tilgjengelege for opplæringa av vaksne innvandrarak.

Desse medlemene viser til at mangelen på digitale læremiddel på nynorsk er skrikande. Dessverre er situasjonen altfor ofte at læremiddel som òg er omfatta av kravet om at dei skal liggje føre på begge språk, berre kjem på bokmål, eller at læringsressursar som burde vore definerte som læremiddel, ikkje blir det av skuleeigar. Desse medlemene meiner den nye opplæringslova må komme med ein strengare definisjon av kva eit læremiddel er, for å sikre at nynorskelevane får oppfylt sine språkrettar. I tillegg bør kontorstøtteprogram òg komme inn under parallellitetskravet.

Læremiddel i kvensk og finsk

Fleirtalet i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, viser til innspel frå Kvensk Finsk Riksforbund om at mange i den kvenske minoriteten har finsk som sitt minoritetsspråk. Fleirtalet meiner det er viktig at den kvensk-finske folkesetnaden får eit godt opplæringstilbod på finsk eller kvensk. I dag er det om lag 500 elevar som tek anten finsk eller kvensk, der finsk er det vanlegaste for denne gruppa. Det er ein nedgang frå 90-talet, då om lag 1 000 elever tok språket. Den faglege utviklinga av finsk er det styresmaktene i Finland som har ansvar for, men ho er òg viktig for ei finstalande norsk befolkning. Rekruttering av finstklararar er den største utfordringa for å sikre eit godt tilbod til denne gruppa. Fleirtalet er uroa for korleis ein kan sikre denne gruppa eit godt lovfasta tilbod utan at ein tenkjer på korleis eleven skal sikrast gode læreressursar.

2.8 Språk i forskning og høgare utdanning

Språk og språkbruk i forskning og høgare utdanning har stor innverknad på språkutviklinga elles i samfunnet. Komiteen viser til korleis forskinga utviklar ny kunnskap om verda vi lever i, og dermed ofte nye omgrep som igjen blir ein del av språket på andre samfunnsområde. Gjennom høgare utdanning blir språkbruken til profesjonsutøvarar og arbeidstakarar i alle sektorar forma. Språkbruken og fagterminologien studentane får med seg gjennom høgare utdanning, pregar samfunnet. Språket er avgjerande for primæroppgåvene innanfor forskning og undervisning, med høge krav til grundig og presis språkleg kommunikasjon. Derfor er utviklinga av norsk fagspråk viktig for kunnskapsutviklinga.

Sidan 2009 har universitets- og høyskoleloven hatt følgjande føresegn om norsk fagspråk (§ 1-7): «Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk fagspråk.» I forarbeida til føresegna heiter det at norsk som eit generelt utgangspunkt skal vere hovudspråket ved norske universitet og høyskolar,

samtidig som prinsippet om parallellspråklegheit skal gjelde. Parallellspråklegheit inneber at engelsk, eller eit anna framandspråk, kan nyttast når det tener eit føremål, inkludert opplæring og praktisk språktrening. Vidare inneber dette at ein må unngå ureflektert og automatisk bruk av engelsk, og den positive symbolfunksjonen som engelsk nyt godt av, bidrar til å fortrenge bruken av norsk når norsk ville vore det mest naturlege og hensiktsmessige språkvalet.

Når det gjeld forskning, har utviklinga det siste tiåret stadfesta at engelsk tar over for norsk som det dominerande publiseringsspråket i dei fleste faga. Nær 90 pst. av den vitskapelege publiseringa frå norske institusjonar i 2017 var på engelsk, medan om lag 10 pst. var på norsk. Komiteen meiner at forskarane sjølve må velje fritt kva for eit språk dei vil publisere på, men understrekar kor viktig det er at universiteta har språkstrategiar for å sikre at norsk framleis skal vere eit relevant undervisnings- og publiseringsspråk.

Komiteen viser til at prinsippet om parallellspråklegheit tilseier at det skal leggjast til rette for bruk av engelsk når det er gode faglege grunnar til det. Dette heng saman med ambisjonane regjeringa og institusjonane har når det gjeld internasjonalisering for å styrke kvaliteten på norsk forskning og høgare utdanning.

Komiteen ønsker å understreke formidlingsplikta til universiteta som viktig for å sørge for at forskning kjem samfunnet til gode. Her er det viktig at universiteta har tydelege strategiar for å publisere relevant forskning på norsk, slik at forskinga enklare kan bli overført til ny kunnskap i samfunnet som ein heilskap. Komiteen ser parallellspråklegheit som nødvendig for å sikre høg kvalitet og internasjonal relevans i norske forskingsmiljø, men meiner at terskelen for å overføre ny kunnskap i forskinga til dei relevante sektorane må vere høgare ved publisering på framandspråk. Dette gir forventningar til at universiteta som formidlarar av ny forskning publiserar og gjer ho tilgjengeleg på norsk.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, merkar seg at Kunnskapsdepartementet er i gang med arbeidet med ei ny lov om universitet og høyskolar. I NOU 2020:3 Ny lov om universiteter og høyskoler omtalar utvalet problemstillinga norsk som fagspråk i kapittel 14. Her ønsker utvalet å vidareføre ansvaret som høgare utdanningsinstitusjonar har for å vedlikehalde og vidareutvikle norsk fagspråk i universitets- og høyskolesektoren. Fleirtalet vil støtte dei som talar for at ansvaret for fagspråket skal tydeleggjerast, men meiner at verkemidla ikkje bør nemnast i lovteksten. Fleirtalet viser til at sektoren er pålagd å ha eigne språkstrategiar, og understrekar kor viktig det er at desse blir opplevde som relevante.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti viser til regjeringas prioriteringar og vidare oppfølging som er omtalt i punkt 8.4 i proposisjonen om språklova (meldingsdelen). Der går det fram at regjeringa vil be universiteta og høgskolane om å bidra til å sikre at masteroppgåver og andre omfattande, sjølvstendige arbeid på dette nivået som ikkje blir skrivne på norsk eller samisk, skal ha eit samandrag på eit av desse språka. Desse medlemene trur at dette og fleire øvrige tiltak nemnde i punkt 8.4 vil styrkje norsk som fagspråk.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti er uroa over at norsk språk er på vikande front i delar av academia, og vil understreke at universitet og høgskular må vere medvitne om ansvaret dei har for å oppretthalde og vidareutvikle norsk som fagspråk. Desse medlemene viser til at universiteta og høgskulane har eit lovpålagt ansvar for å vidareutvikle norsk fagspråk. Desse medlemene merkar seg at Aune-utvalet i sin gjennomgang av universitets- og høgskulelova, NOU 2020:3, tilrår at dette lovkravet blir vidareført. Desse medlemene vil påpeike at sidan den førre språkmeldinga vart lagd fram, har talet på internasjonalt tilsette i universitets- og høgskulesektoren auka kraftig. Det aukar behovet for å ansvarleggjere sektoren for å oppfylle prinsippet om parallellspråkbruk, som seier at ein skal bruke «norsk når du kan, engelsk når du må» både i forskning og undervising. I ei ny verkelegheit, med eit større innslag av ikkje-norskpråkleg tilsette, meiner desse medlemene det er eit behov for klårare retningslinjer og tiltak som styrker norskferdigheitene blant internasjonalt tilsette, for å klare å oppretthalde eller styrke det norske språket sin posisjon i academia. Desse medlemene viser i denne samanhengen til ei undersøking frå ei gruppe lingvistar, omtalt i Khrono 30. januar 2020, med funn som viser at dei internasjonalt tilsette opplever lite merksemd rundt, og tilrettelegging for, det å lære norsk på institusjonane, trass i at mange internasjonalt tilsette uttrykker eit ønske om å lære norsk.

Desse medlemene registrerer at studentar, forskarar og ekspertar slit med å finne gode norske fagordlister. Dette fører mellom anna til at studentar som les pensum på engelsk, fortvilar fordi ho eller han ikkje finn dei norske fagtermane til eksamen, som er på norsk. Likeins finst det døme på offentlege utgreiingar der ekspertgruppene brukar engelske termar fordi dei ikkje finn norske fagtermar. Sjølv i dei tilfella der det finst norske faguttrykk, er desse vanskeleg tilgjengelege eller spreidd på ulike fagordlister, termlister, termbasar, fagordbøker, leksikon og andre kjelder. Dette skapar ein uoversiktleg og uklår situasjon som i praksis fører til at engelsk blir føretrekt i undervising og publisering. Des-

se medlemene meiner difor det er behov for at det lovpålagte ansvaret for å utvikle og oppdatere norsk som fagspråk blir følgt opp med krav om at sektoren samordnar og gjer nye og oppdaterte termar lett tilgjengelege. Desse medlemene er kjende med at det pågår eit arbeid med å utvikle ein portal for samling av fagtermar, og meiner regjeringa bør støtte dette arbeidet.

2.9 Språkvitskaplege disiplinar

Komiteen meiner forskning og utdanning innanfor fagfelte leksikografi, namnegransking og terminologi er viktig for norsk språk som kulturobjekt, men også for å leggje til rette for effektiv kommunikasjon innanfor alle samfunnsområde, til gode for alle innbyggjarane i Noreg. Desse faga har direkte nytteverdi som språkleg infrastruktur.

Dei leksikalske faga har fått fornya og forsterka samfunnsrelevans i det digitale skiftet. Komiteen meiner at utviklinga av god språkteknologi av høg kvalitet er avhengig av at det finst datalingvistar med solid kompetanse i norsk språk.

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti, har merka seg at utdannings- og forskingskomiteen i Innst. 12 S (2019–2020) omtalte lærebokutvalet. Komiteen understreka at formålet som gjaldt då Lærebokutvalget for høyere utdanning blei oppretta i 1984, framleis gjeld:

«Løyvinga er mynta både på utgjeving av nynorske lærebøker til høgre utdanning for å betra den språklege jamstillinga for bøker på dette nivået, og generelt til produksjon av lærebøker i små opplag.» (St.prp. nr. 1 (1986–87), kap. 332, post 70)

Fleirtalet har også merka seg at regjeringa vil evaluere ordninga. Fleirtalet vil understreke at det er viktig for å oppretthalde nynorsk som fag- og brukspråk at det blir gitt ut læremiddel for høgare utdanning på skriftspråket, særleg i dei store profesjonsfaga som helse- og sosialfag, lærarutdanningane, ingeniørutdanningane og økonomi og administrasjon.

Fleirtalet meiner det er viktig for fagspråket at det blir kommunisert til eit breitt publikum. Fleirtalet er positive til at fleire universitet, høgskular, institutt og museum samarbeider om Store norske leksikon. Fleirtalet er kjende med at Nynorsk kultursentrum, som til no har drive leksikonet Allkunne, har inngått ein avtale om samarbeid med Store norske leksikon, og er positive til eit slikt samarbeid for å fremme både bokmål og nynorsk som fagspråk og kvardagsspråk.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at leksikografi, stadnamnforskning og normering er fagområde innanfor språkvitskapen som

har blitt bygde ned dei siste åra. Dette har svekt det språkfaglege miljøet og vil på sikt mellom anna føre til at det ikkje finst personar med stadnamnkompetanse som kan forvalte lov om stadnamn. Desse medlemene viser til at berre snarrådigskap ved Universitetet i Bergen gjorde at Språksamlingane blei redda i 2014, då Universitetet i Oslo bestemte seg for å leggje dei ned utan politisk behandling. Vitskapleg dokumentasjon av utviklinga og bruken av norsk språk i fortid og samtid er eit nasjonalt ansvar, og desse medlemene ønskjer derfor å fremje følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa sikre at utviklinga og bruken av norsk språk i fortid og samtid blir vitskapleg dokumentert, og at dokumentasjon og normering av norsk språk skal vere eit offentleg oppdrag ved ein norsk vitskapleg institusjon.»

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, viser til forslaget frå medlemene frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti. Fleirtalet viser til at det under punkt 9.3 i språkmeldinga står at «det er ei nasjonal oppgåve å halde oppe forskning på dei spesifikke norske kulturarvempiriane», og at det under punkt 9.4. står at «Kulturdepartementet tek sikte på framleis støtte til ordboksarbeid med utgangspunkt i dei fire verka Bokmålsordboka og Nynorskordboka, Norsk Ordbok og Det Norske Akademis ordbok». Fleirtalet meiner dette er eit signal frå Kulturdepartementet om at det framover er relevant å støtte konkrete dokumentasjonsprosjekt av ein viss storleik og relevans. Ansvaret for at «utviklinga og bruken av norsk språk» blir vitskapleg dokumentert, er likevel eit vidt omgrep, og fleirtalet meiner forslaget kan tolkast som om det utvidar det ansvaret Kulturdepartementet i dag har for ordboksarbeid til òg å fámne om eit ansvar for dokumentasjon av norsk språk generelt.

Fleirtalet støttar ikkje ei slik utviding av ansvaret. Fleirtalet viser til at humaniorameldinga ifrå 2017 har handsama spørsmål om universitetssektoren sitt ansvar for små humaniorafag:

«Det politiske ansvaret for universiteter og høyskoler innebærer at styringen må balansere behovet for autonomi og faglig frihet mot samfunnets behov for relevant kunnskap og ferdigheter.»

Meldinga vart følgd opp med ein rapport frå Lie-utvalet (2019), som hadde i oppgåve å undersøkje situasjonen for små og utsette humaniorafag. Fleirtalet viser til at etter høyringa av rapporten konkluderte Kunnskapsdepartementet med at spørsmål om finansiering av utsette humaniorafag skal avklarast i ei stortingsmelding om styring av statlege universitet og høgskular, som er under arbeid.

Fleirtalet viser til at medlemene frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti vil be regjeringa sikre at «dokumentasjon og normering av norsk språk skal vere eit offentleg oppdrag ved ein norsk vitskapleg institusjon». Fleirtalet ønskjer å streke under at normering av norsk i dag er ei oppgåve Språkrådet har. I framlegget til språklav § 19 vert dette stadfesta: «Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk.» Fleirtalet meiner at det vil bryte med norsk språkpolitikk fram til i dag om ein vitskapleg institusjon skal ha normativt ansvar.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti registrerer at bruken av engelsk terminologi og fagspråk breier om seg på stadig fleire område og utgjør ein trussel mot det norske språket. Dette gjeld særleg i akademien og i det private næringslivet, der ein i stadig større grad bruker engelsk som arbeidsspråk, men også i det offentlege. Dette medfører eit domenetap og ei svekking av det norske språket. Språkrådet foreslo i høyringa til lova ein ny paragraf som stadfester at det offentlege har ansvar for å utvikle og bruke norsk terminologi og fagspråk og å gjere det tilgjengeleg på begge målformer innanfor sitt fagområde. Slik sikrar ein at det blir arbeid med utvikling av norsk fagspråk på ulike samfunnsområde framover.

Desse medlemene støttar dette og fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa seinast innan revidert nasjonalbudsjett for 2021 komme tilbake til Stortinget med eit forslag til endring i språklova der det blir presisert at det offentlege har ansvar for å utvikle og bruke norsk terminologi og fagspråk og å gjere det tilgjengeleg på begge målformer innanfor sitt fagområde.»

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti, viser til døme på tiltak ifrå Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet som har lagt og legg til rette for dokumentasjon av norsk språk.

Fleirtalet viser til at prosjekta Norsk Ordbok og Det Norske Akademis Ordbok strekkjer seg over fleire år. Regjeringa har i perioden 2014–2021 finansierte Norsk Ordbok med følgjande midlar over statsbudsjettet: I 2014–2015: 20,4 mill. kroner for å ferdigstille prosjektet, og i 2019–2021: 6,2 mill. kroner til vidareutvikling og digitalisering, altså til saman 26,6 mill. kroner til Norsk Ordbok. Det Norske Akademis Ordbok er i åra 2014–2017 finansierte med 52,4 mill. kroner til slutføring av prosjektet og i åra 2018–2021 med 8,3 mill. kroner til digitalisering og vidareutvikling, til saman 60,7 mill. kroner. Universitetet i Bergen har i åra 2020 og 2021 fått til saman 4 mill. kroner i tilskot til generell styrking av ord-

boksarbeidet. Fleirtalet viser til at revisjon av Bokmålsordboka og Nynorskordboka er eit samarbeid mellom Språkrådet og UiB. Prosjektet vart sett i gong med statsbudsjettet 2018 og er planlagt slutført i 2023. For deltaking i åra 2018–2021 vart det løyva 21,8 mill. kroner til Universitetet i Bergen og 0,8 mill. kroner til Språkrådets deltaking i arbeidet i 2018. Frå 2019 vart denne summen lagt inn i og ført vidare i Språkrådet sitt driftsbudsjett kap. 326 post 1.

Fleirtalet viser vidare til drifta av Språksamlingane. I 2016 vart det lagt inn 6 mill. kroner ved overføringa av Språksamlingane i budsjetttramma til Universitetet i Bergen frå Universitetet i Oslo. Termportalen som oppfølging av språkmeldinga fekk i 2021 eit tilskot ved UiB på 4 mill. kroner over Kunnskapsdepartementets budsjett. 2 mill. kroner av desse vart ført over ramma ifrå Kulturdepartementet.

Fleirtalet viser til at for å bøte på situasjonen med nedbygging av stadnamnfaget i universitetssektoren har Kulturdepartementet i ei endring av stadnamnlova i 2019 omorganisert rådgjevarfunksjonen i forvaltninga av lova. Denne funksjonen ligg no heilt og fullt i Språkrådet, i staden for å ha ei laus tilknytning til dei ulike universiteta, som i varierende grad held dette miljøet levande.

2.10 Norsk teiknspråk

Komiteen merkar seg fleire av høringsinstansane sine innspel, deriblant frå Norges Døveforbund, som blant anna skriv at «tegnspråk som et språk har blitt undertrykt gjennom århundrer og det er av stor betydning at det har blitt ført inn i språkloven», og som følgeleg er godt nøgd med det ansvaret staten her tar for å erklære teiknspråk som eit nasjonalt språk (§ 7).

Komiteen viser til at det er behov for å gå igjen om gjeldande rett, inkludert dei tiltaka og ordningane som gjeld norsk teiknspråk, for å gjere politikken på feltet meir målretta og at det er behov for meir kunnskap på dette området. Det er også behov for andre tiltak i tillegg til lovregulering. Alle dei utfordringane som teiknspråkbrukarar møter mellom anna i oppveksten, i utdanninga og i samfunnslivet generelt, understreker behovet for meir kunnskap. Det er låg kunnskap om teiknspråk generelt i samfunnet.

Fleirtalet, medlemene i komiteen frå Høgre, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti er glade for at regjeringa varslar at dei vil ha ein brei gjennomgang av teiknspråkfeltet i form av ei offentleg utgreiing. Det blir eit arbeid som skal medverke til å synleggjere den teiknspråklege minoriteten.

2.11 Tolketenester

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at det offentlige utgifter til tolketje-

nester har økt kraftig fra cirka 490 mill. kroner i 2013 til over 840 mill. kroner i 2019, og at antall oppdrag omtrent har doblet seg til 723 000 i samme periode. Disse medlemmer ønsker å uttrykke sin bekymring for det offentlige økte utgifter til tolketjenester, også blant personer som har vært i Norge over lengre tid, og som har norsk statsborgerskap.

Disse medlemmer mener at skattebetalernes ansvar for å betale tolketjenester for personer som har vært i Norge i mange år eller har norsk statsborgerskap, og som derfor bør forventes å kunne beherske det norske språk, bør begrenses. Disse medlemmer mener likevel det bør være unntak, blant annet for personer med spesielle behov som gjør det vanskelig å forstå eller gjøre seg forstått.

Disse medlemmer fremmer følgende forslag.

«Stortinget ber regjeringen fremme sak om at retten til gratis tolketjenester fjernes for de som har oppholdt seg i landet i mer enn fem år eller har norsk statsborgerskap, herunder i behandlingen av sivilrettslige saker.»

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake med forslag til ytterligere tiltak for å få ned det offentlige utgifter og begrense rettigheten til gratis tolketjenester, herunder i forbindelse med gjennomføringen av straffesaker.»

2.12 Sidemål

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet mener at sidestillingen av målformene nynorsk og bokmål, og prinsippet om størst mulig valgfrihet for elevene, gjør at elever i skolen selv bør få velge om de ønsker undervisning i sidemål. Disse medlemmer ser på egenmotivasjon og eget ønske som en viktig faktor for å mestre ulike fag i skolen og mener noen elever kan være mer motiverte eller finne det mer hensiktsmessig å velge et fremmedspråk eller annet relevant fag fremfor sidemålsundervisning.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen om å innføre valgfritt sidemål i skolen og komme tilbake til Stortinget med en sak om eventuelle lovendringer som er nødvendige for å gjennomføre dette.»

2.13 Minoritetsspråk

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet er av den oppfatning at språk ivaretas og preserves best gjennom bruk. Disse medlemmer vil vise til at samiske språk, kvensk, romani og romanes er språk med historisk tilknytning og av kulturell betydning i Norge, og at samiske språk står i en særstilling. Disse medlemmer mener at aktiv ivaretagelse av språk er viktig for å bevare kulturelle tradisjoner, og

anerkjenner viktigheten av blant annet samiske språk som bærere og formidlere av kultur, historie og identitet. Disse medlemmer vil vise til debatten om hvorvidt flere av minoritetsspråkene kan anses som urspråk, og at debatten om klassifisering av urfolk og urspråk ofte kan bli en uheldig konkurransedebatt om historisk tidsangivelse av når ulike språk ble tatt i bruk i Norge.

2.14 Føremål, definisjoner og verkeområde for lova

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti meiner det er naturleg at forskriftene som har høyrte til lov om målbruk i offentleg teneste blir ført vidare så lenge dei ikkje er i strid med reglane i språklova. Desse medlemene meiner det vil vere klargjerande å få på plass dei nye forskriftene som presiserer ansvaret etatane har.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti registrerer at det i § 3 tredje ledd om verkeområdet for lova står at lova ikkje gjeld intern sakshandsaming. Om dette blir ståande, er det eit paradoks at det einaste språkbruksdomenet i samfunnet der bruk av norsk generelt og nynorsk spesielt tilsynelatande ikkje får eit lovfesta vern, er i intern sakshandsaming. Om ein tar ordlyden heilt bokstaveleg, må det vere i orden for offentlege organ å ta i bruk engelsk som internt forvaltningsspråk. Desse medlemene vil derfor presisere at unntaket for intern sakshandsaming må gjelde vekslinga mellom bokmål og nynorsk, ikkje heile lova. Desse medlemene foreslår at reglane i §§ 12-18 ikkje skal gjelde for intern sakshandsaming. Dette er meint som ei vidareføring av mållova § 2 første ledd bokstav b om internt saksarbeid.

Desse medlemene fremjar følgjande forslag:

«§ 3 andre ledd bokstav e skal lyde:
e) intern sakshandsaming.

Lovforslaget fjerde og femte ledd blir tredje og fjerde ledd.»

2.15 Klart språk og rettskriving

Komiteen viser til lovforslaget § 9 Klart språk, som skal sikre god kvalitet i det språket som kjem frå offentlege organ. Her ligg ansvaret for at klar kommunikasjon omfattar dei språka som det offentlege har plikt til og ansvar for å nytte. Regelen er eit krav om å kvalitets sikre språket. Paragrafen lovfestar eit ansvar for å kommunisere klart og språkleg korrekt på ein måte som er tilpassa mottakaren.

Komiteen viser til omtalen i proposisjonen av § 9 Klart språk. Komiteen viser til at reglane for klarspråk omfattar dei språka som det offentlege har plikt til å nytte, bokmål og nynorsk, jf. språklova, og samiske språk, jf. samelova. Klarspråksideala gjeld òg når offentlege organ nyttar andre språk enn bokmål, nynorsk og samiske

språk. Kommunikasjon omfattar òg bruk av grafiske element og illustrasjonar for å få fram eit budskap. At språket er «klart», tyder at det er god samanheng i teksten, at det er god samanheng mellom tekst og eventuelle illustrasjonar, at setningane heng saman, og at vanskelege ord er forklarte. Eit dokument som er klart skrive, vert forstått av mottakaren. At språket skal vere «korrekt», tyder at offentlege organ må rette seg etter krava i § 10 om den offisielle rettskrivinga for norsk, jf. § 19 første ledd. § 9 skal òg hindre at offentlege organ bryt med rettskrivinga i andre språk enn norsk (særleg samisk).

Komiteen er opptekne av at klart språk ikkje må brukast som eit argument imot nynorsk i forskjellige tekstar.

2.16 Språkvedtak og pliktreglane i lova

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti meiner det er positivt at framlegget til språklov styrkjer formålet sitt samanlikna med dagens mållov. Det er òg positivt at lova slår fast at det offentlege har eit særleg ansvar for å fremje det minst brukte språket, nynorsk. Derfor meiner desse medlemene at det er eit paradoks at det samla lovforslaget inneber ei svekking jamført med dagens mållov, og slik ho står no, bryt lova med sitt eige formål.

Desse medlemene meiner dagens krav til skrivekompetanse i begge målføra i den gjeldande mållova er viktige for å sikre innbyggjarane sitt krav på å få svar på sitt eige språk. I lovforslaget frå regjeringa er kravet til skrivekompetanse hos tilsette i statsorgan og fylkeskommunar svekt. Noregs Mållag har kalla ordlyden i lova ei drastisk svekking jamført med dagens mållov. Desse medlemene meiner òg at fylkeskommunane må få tid på seg til å tilpasse seg dei nye reglane, og fremjar følgjande forslag til endring i ordlyden i § 16 andre ledd:

«§ 16 andre og tredje ledd skal lyde:

Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både nynorsk og bokmål i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

Departementet kan gje forskrift om andre særlege unntak frå andre ledd første punktum.»

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti viser til § 16 Krav om skrivekompetanse. Første ledd i paragrafen fører vidare gjeldande rett, slik at prinsippet i forskrifta om målbruk i offentleg teneste § 1 andre ledd vert lovfesta. Forskrifta til mållova § 1 slår fast at kvart statsorgan har plikt til å syte for at reglane om målbruk i offentleg teneste vert følgde. Innhaldet i denne forskrifta vert løfta inn i

språklova § 16 første ledd. Ansvar for at eit statsorgan og ein fylkeskommune følgjer reglane om bruk av bokmål og nynorsk i språklova, ligg på organet sjølv. Statsorgan og fylkeskommunar har etter regelen plikt til å byggje opp og halde i hevd den skrivekompetansen i bokmål og nynorsk som må til for å følgje dei reglane som organet skal leve etter. Regelen er fleksibel på den måten at han gjer kravet til skrivekompetanse avhengig av kva som er naudsynt for å oppfylle reglane.

Desse medlemene viser til at § 16 har ein noko endra ordlyd, men at meininga ikkje er å svekkje kravet til skrivekompetanse slik Arbeidarpartiet held fram. Desse medlemene viser til at andre ledd første punktum er ei presisering av styringsretten til arbeidsgjevar. For at statsorganet og fylkeskommunen skal følgje reglane etter § 16 første ledd, skal dei kunne krevje at ein tilsett skriv både bokmål og nynorsk. Andre ledd fører vidare delar av innhaldet i mållova § 4, men med den endringa at brot på reglane om bruk av bokmål og nynorsk ikkje lenger er å rekne som brot på tenesteplikta. Den tilsette skal oppfatte det som ei plikt å bruke både bokmål og nynorsk, men brot på reglane skal ikkje sanksjonerast etter statsansatteloven, slik reglane i prinsippet opnar for i mållova § 4 – dette er i så fall brot på reglane i språklova. Desse medlemene ser at i praksis er endringane frå gjeldande rett særst små, av di dei tilsette vil måtte rette seg etter krav ifrå arbeidsgjevar om å skrive både bokmål og nynorsk når føremålet er å etterleve reglane i lova.

Desse medlemene fremjar følgjande forslag:

«§ 16 andre og tredje ledd skal lyde:

Statsorgan og fylkeskommunar skal kunne krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

Departementet kan gje forskrift om andre særlege unntak frå andre ledd første punktum.»

Medlemen i komiteen frå Senterpartiet vil understreke kor viktig det er å dyrke og vidareutvikle begge skrifttradisjonane. Rett nok er nynorsk og bokmål formelt likestilte språk i dag, men i realiteten blir nynorsk diskriminert. Denne medlemen meiner det er avgjerande med verkemiddel som bidreg til å løfte nynorsk skriftkultur og posisjonen han har. Denne medlemen vil framheve at det er brei politisk semje om at det er naudsynt med aktiv støtte til nynorsken. Denne medlemen merkar seg at regjeringa foreslår endringar i den noverande mållova § 4, som gjeld krav til norskspråkleg skrivekompetanse. I dag har tilsette i statsorgan plikt til å bruke begge målformene når reglane krev det. Forslaget frå regjeringa i ny § 13 inneber i realiteten ei svekking av denne plikta. Denne medlemen registrerer at fleire høyringsinstansar som Lit-

teraturselskapet Det Norske Samlaget, Nynorsklaget, Noregs Mållag, Norsk Målunddom, Norsk måldyrkingslag, Ullensvang Mållag, Ås Mållag, Høgnorskringen og Ivar Aasen-sambandet gjekk imot forslaget.

Denne medlemen meiner at dagens plikt bør vidareførast, og vil på denne bakgrunnen fremje følgjande forslag:

«§ 16 andre og tredje ledd skal lyde:

Tilsette i statsorgan skal skrive bokmål og nynorsk etter dei reglane som til kvar tid gjeld for målbruk i tenesta. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

Departementet kan gje forskrift om andre særlege unntak frå andre ledd første punktum.»

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti meiner det er positivt at fylkeskommunen no får utvida plikter som vil sikre at nynorskbrukarane vil sjå meir av språket sitt. Det er lokalt og regionalt at innbyggjarane oftast er i kontakt med myndighetene, og det er viktig at befolkninga ser sitt eige språk i bruk i det offentlege. Fylkes- og kommunesamanslåingar bidrar til at kommunar som bruker nynorsk, blir «slukte» av bokmålsområde, og at nynorsken kjem under endå større press. Ei tydeleg kvantifisering av vekslinga mellom dei to språka i slike område kan motverke dette. Desse medlemene registrerer at regjeringa foreslår at språknøytrale regionale statsorgan, som til dømes Nav og Vegvesenet, skal bruke begge skriftspråka med ei fastsett kvantifisering av kvart språk, og meiner det er naturleg at ein så stor organisasjon som fylkeskommunen kan klare å oppfylle det same kravet, slik det var foreslått då lova blei sendt ut på høyring.

Desse medlemene fremjar følgjande forslag til endring i ordlyden i § 13 fjerde ledd:

«§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Fylkeskommunar som er språknøytrale etter § 11 i lova her, skal veksle mellom skriftspråka med utgangspunkt i kvantifiseringane i § 13 andre ledd.»

Medlemene i komiteen frå Høgre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti støttar ikkje framlegget frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti til § 13 fjerde ledd. Desse medlemene meiner ei slik kvantifisering bryt med prinsippa om sjølvråderett som fylkeskommunane har, jf. kommunelova. Desse medlemene viser til at den sterke underrepresentasjonen av nynorsk dei fleste andre stader enn i staten tilseier at staten må ta eit ekstra ansvar for at nynorsk skal vere synleg for både bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar. Derfor blir kvotekrava for språkleg nøytrale regionale statsorgan til veksling mellom bokmål og

nynorsk i allment tilgjengelege dokument skjerpa. Dei presiserte kvotekrava for veksling mellom skriftspråka blir tatt inn i lovteksten.

Desse medlemene fremjar følgjande forslag:

«§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Fylkeskommunar som er språknøytrale etter § 11 i lova her, skal veksle mellom skriftspråka slik at det blir eit rimeleg samhøve mellom dei i allment tilgjengelege dokument.»

Medlemene i komiteen frå Høgre og Kristeleg Folkeparti meiner forslaget frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti ikkje er i tråd med grunngjevinga for at fylkeskommunar som er «språknøytrale» etter § 11, skulle få nye plikter i lova. Det bør òg ligge til sjølvstyret at fylkeskommunen kan gjere skjønsmessige vurderingar. Det vil vere i tråd med føremålet med språklova, som gjeld for alle offentlege organ, at nøytrale fylkeskommunar tek utgangspunkt i å vedta eit rimeleg samhøve som fremjar nynorsk som mindretalsspråk og slik medverkar til å auke bruken av nynorsk.

Desse medlemene meiner at det har ein verdi at fylkeskommunane som er språknøytrale, får nye plikter i lova, og at kravet om eit «rimeleg samhøve» mellom dei to skriftspråka er ein riktig måte å balansere intensjonen i språklova på. Når dei språknøytrale fylkeskommunane fastset eit rimeleg samhøve mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument, kan dei velje å ta utgangspunkt i prosentdelen av kommunar i regionen som har valt det eine eller det andre skriftsspråket. Begge målformene er viktige for Noreg, og fylkeskommunane har òg andre viktige oppgåver knytte til oppfølging av anna særlovgeving som følgjer opp Noregs språkpolitikk, som opplæringslova.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet viser til at Norge har to likestilte målformer, og mener det således bør være opp til den enkelte innbygger og det enkelte offentlige organ å benytte den målformen man selv måtte ønske. Disse medlemmer mener at en naturlig konsekvens av full likestilling mellom begge målformene bør være at offentlig ansatte selv bør få velge hvilken målform de ønsker å benytte seg av, uavhengig av hvilken kommune eller hvilket offentlig organ man jobber i, og uavhengig av hvilken målform en henvendelse er kommet i.

Disse medlemmer fremmer derfor følgende forslag:

«Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et lovforslag som tillater den enkelte innbygger og det enkelte offentlige organ å velge målform etter eget ønske. Det skal være opp til den offentlig ansatte å benytte målformen man måtte ønske, uavhengig

av hvilken kommune eller annet offentlig organ vedkommende er ansatt i, og hvilken målform en henvendelse er kommet i.»

Disse medlemmer fremmer dette forslaget som erstatning for foreslåtte § 13 om «Veksling mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument», som disse medlemmer vil stemme imot. Disse medlemmer vil subsidiært støtte flere av de øvrige lovparagrafene om temaet for å ivareta helheten i den nye loven, men synliggjør sitt standpunkt om en alternativ holdning til vekslingen mellom målformene i det offentlige gjennom forslaget ovenfor og ved å stemme imot § 13.

Disse medlemmer vil også stemme imot lovforslaget § 1 tredje ledd, §16 andre og tredje ledd, § 22 Endringer i andre lover, 1. Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa § 2-5 sjette ledd første punktum, dessuten § 5 første ledd om samisk språk.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti registrerer at i forslaget til lovtekst er klageretten innsnevra, slik at språkorganisasjonar ikkje blir omfatta. Dette betyr mellom anna at Målungdommen ikkje kan klage på vegner av elevar og studentar som ikkje får språkkrettane sine oppfylte, og er ei svekking samanlikna med dagens mållov. Moglegheita for å klage også for organisasjonane er med på å vareta eit viktig demokratisk prinsipp.

Desse medlemene fremjar derfor følgjande forslag:

«§ 17 første punktum skal lyde:

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren eller organisasjonar på vegner av mottakaren klage og krevje at dokumentet blir utferd på nytt.»

2.17 Språkrådet

Slik medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti ser det, er det inkonsekvent av regjeringa å la fylkeskommunane på visse punkt bli omfatta av «mållovsreglane» i språklova, når dei samtidig ikkje er omfatta av tilsyn frå Språkrådet når det gjeld korleis dei etterlever språklova på dei same punkta.

Desse medlemene foreslår derfor endringer i ordlyden i § 19 tredje ledd og § 20:

«§ 19 tredje ledd skal lyde:

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan og fylkeskommunar etterlever reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.»

«§ 20 skal lyde:

Statsorgan og fylkeskommunar skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.»

Fleirtalet i komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Framstegspartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti, viser til den aukande utviklinga der det blir laga jålete, meiningslause og ofte engelske namn på kjente norske statlege og delstatlege verksemdar. Mesta, Equinor, Vy og OsloMet er døme på slike nye namn.

Medlemene i komiteen frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti viser til at Språkrådet gjennom offentleg høyring har vore negative til dei nye namna, men ikkje blitt høyrde. Desse medlemene viser til at staten i dag ikkje har plikt til å konsultere Språkrådet ved fastsetting av namn på statsorgan. Desse medlemene ønskjer å styrkje Språkrådets stilling ved å klargjere statens plikt til å konsultere Språkrådet ved stadfesting av slike nye namn. I tillegg meiner desse medlemene at det er naudsynt å slå fast at statens språkpolitikk, medrekna bruken av norsk når nye namn skal lagast, også skal gjelde i føretak der staten berre er delvis inne på eigarsida.

Desse medlemene er positive til at Språkrådet sine oppgåver blir lovfesta, og at rådet får tilsyns- og rettleiingsansvar overfor offentlege organ. Desse medlemene meiner likevel at for å sikre at lova sin intensjon vert etterlevd, vil det vere føremålstenleg med sanksjonsmoglegheiter. Desse medlemene viser til merknader og forslag om dette under pkt. 2.4 foran i innstillinga.

3. Forslag frå mindretal

Forslag frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 1

Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med forslag om kva sanksjonar som skal gjelde ved brot på språklova.

Forslag 2

Stortinget ber regjeringa komme tilbake til Stortinget med en sak om symbolspråk, der det foreslås hvordan retten til symbolspråk kan innlemmes i språkloven.

Forslag 3

Stortinget ber regjeringa sikre at utviklinga og bruken av norsk språk i fortid og samtid blir vitskapleg dokumentert, og at dokumentasjon og normering av

norsk språk skal vere eit offentleg oppdrag ved ein norsk vitskapleg institusjon.

Forslag 4

Stortinget ber regjeringa seinast innan revidert nasjonalbudsjett for 2021 komme tilbake til Stortinget med eit forslag til endring i språklova der det blir presisert at det offentlege har ansvar for å utvikle og bruke norsk terminologi og fagspråk og å gjere det tilgjengeleg på begge målformer innanfor sitt fagområde.

Forslag frå Høgre, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti:

Forslag 5

§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Fylkeskommunar som er språknøytrale etter § 11 i lova her, skal veksle mellom skriftspråka slik at det blir eit rimeleg samhøve mellom dei i allment tilgjengelege dokument.

Forslag frå Arbeidarpartiet og Sosialistisk Venstreparti:

Forslag 6

§ 3 andre ledd bokstave skal lyde:

e) intern sakshandsaming.

Lovforslaget fjerde og femte ledd blir tredje og fjerde ledd.

Forslag 7

§ 16 andre og tredje ledd skal lyde:

Statsorgan skal krevje at tilsette skal skrive både nynorsk og bokmål i arbeidet. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført sidemålsopplæring i grunnopplæringa.

Departementet kan gje forskrift om andre særlege unntak frå andre ledd første punktum.

Forslag 8

§ 13 fjerde ledd skal lyde:

Fylkeskommunar som er språknøytrale etter § 11 i lova her, skal veksle mellom skriftspråka med utgangspunkt i kvantifiseringane i § 13 andre ledd.

Forslag 9

§ 17 første punktum skal lyde:

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren eller organisasjonar på vegner av mottakaren klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt.

Forslag 10

§ 19 tredje ledd skal lyde:

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan og fylkeskommunar etterlever reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

Forslag 11

§ 20 skal lyde:

Statsorgan og fylkeskommunar skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

Forslag frå Høgre og Kristeleg Folkeparti:*Forslag 12*

§ 16 andre og tredje ledd skal lyde:

Statsorgan og fylkeskommunar skal kunne krevje at tilsette skal skrive både bokmål og nynorsk. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført side-målsopplæring i grunnopplæringa.

Departementet kan gje forskrift om andre særlege unntak frå andre ledd første punktum.

Forslag frå Framstegspartiet og Senterpartiet:*Forslag 13*

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget på egnet måte med en sak om hvordan særlig barn og unge som mangler tale eller tegnspråk, kan inkluderes bedre i samfunnet ved hjelp av bl.a. ASK/symbolspråk.

Forslag frå Framstegspartiet:*Forslag 14*

Stortinget ber regjeringen fremme sak om at retten til gratis tolketjenester fjernes for de som har oppholdt seg i landet i mer enn fem år eller har norsk statsborgerskap, herunder i behandlingen av sivilrettslige saker.

Forslag 15

Stortinget ber regjeringen kommer tilbake med forslag til ytterligere tiltak for å få ned det offentliges utgifter og begrense rettigheten til gratis tolketjenester, herunder i forbindelse med gjennomføringen av straffesaker.

Forslag 16

Stortinget ber regjeringen om å innføre valgfritt sidedmål i skolen og komme tilbake til Stortinget med sak om eventuelle lovendringer som er nødvendig for å gjennomføre dette.

Forslag 17

Stortinget ber regjeringen komme tilbake til Stortinget med et lovforslag som tillater den enkelte innbyg-

ger og det enkelte offentlige organ å velge målform etter eget ønske. Det skal være opp til den offentlige ansatte å benytte målformen man måtte ønske, uavhengig av hvilken kommune eller annet offentlig organ vedkommende er ansatt i og hvilken målform en henvendelse er kommet i.

Forslag frå Senterpartiet:*Forslag 18*

§ 16 andre og tredje ledd skal lyde:

Tilsette i statsorgan skal skrive bokmål og nynorsk etter dei reglane som kvar tid gjeld for målbruk i tenesta. Fylkeskommunar kan krevje det same. Dette gjeld likevel ikkje for tilsette som ikkje har gjennomført side-målsopplæring i grunnopplæringa.

Departementet kan gje forskrift om andre særlege unntak frå andre ledd første punktum.

4. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av ein samla komité med følgjande unntak:

§ 1 tredje ledd, § 5 første ledd, § 13 første til og med tredje ledd, § 16 tredje ledd og § 22 Endringer i andre lover, 1. Lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa § 2-5 sjette ledd første punktum, blir fremja av medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti.

§ 3 tredje ledd, § 17 første punktum, § 19 tredje ledd og § 20 blir fremja av medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Senterpartiet og Kristeleg Folkeparti.

Komiteen har elles ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak til lov

om språk (språkløva)

§ 1 Føremål

Føremålet med lova er å styrkje norsk språk, slik at det blir sikra som eit samfunnsberande språk som skal kunne nyttast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet i Noreg. Lova skal fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk og sikre vern og status for dei språka som staten har ansvar for.

Føremålet med lova er også å sikre at

- offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje bokmål og nynorsk
- offentlege organ tek ansvar for å bruke, utvikle og styrkje samiske språk, jf. reglane i sameloven kapittel 3
- offentlege organ tek ansvar for å verne og fremje kvensk, romani, romanes og norsk teiknspråk.

Ansaret etter andre ledd bokstav a omfattar eit særleg ansvar for å fremje nynorsk som det minst bruka norske skriftspråket.

§ 2 Definisjonar

I denne lova tyder

- a) dokument: ei logisk avgrensa informasjonsmengd som blir lagra på eit medium for seinare lesing, framsyning, overføring eller liknande
- b) allment tilgjengelege dokument: dokument som blir utferdast og sendt ut av eit organ som er omfatta av lova her, og som ikkje er stila til enkeltadressatar
- c) statsorgan: alle organ for staten og sjølvstendige rettssubjekt der staten har ein eigarskap som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav c, eller ei rolle som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav d, og som ikkje er omfatta av § 3 første ledd andre punktum
- d) offentlig organ: statsorgan etter bokstav c, alle organ for kommune og fylkeskommune og sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein eigarskap som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav c, eller ei rolle som nemnt i § 3 første ledd første punktum bokstav d, og som ikkje er omfatta av § 3 første ledd andre punktum
- e) sentrale statsorgan: statsorgan med heile landet som tenestekrins
- f) regionale statsorgan: statsorgan med mindre enn heile landet som tenestekrins.

§ 3 Verkeområde

Når det ikkje er fastsett noko anna, gjeld lova for

- a) staten, fylkeskommunane og kommunane
- b) andre rettssubjekt i saker der dei gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift
- c) sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har ein eigardel som gjev meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet
- d) sjølvstendige rettssubjekt der staten, fylkeskommunar eller kommunar direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

Første punktum bokstav c og d omfattar ikkje rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld ikkje for

- a) kommunane
- b) sjølvstendige rettssubjekt der kommunar og fylkeskommunar har ein slik eigardel eller rett til å velje medlemmer i det øvste organet i rettssubjektet som nemnt i første ledd første punktum bokstav c og d
- c) interkommunale samarbeid etter kommuneloven kapittel 18 og 19 som ikkje er egne rettssubjekt, og

som har ein eller fleire fylkeskommunar som deltakarar

- d) Stortinget, Riksrevisjonen, Sivilombodsmannen og andre organ for Stortinget.

Lova gjeld ikkje for intern sakshandsaming.

Reglane i §§ 12 til 18 gjeld berre for den administrative delen av verksemda ved universiteta, dei statlege høgskulane og andre statlege skular, vidaregåande skular, domstolane, forliksråda og påtalemakta.

Departementet kan gje forskrift om at §§ 12 til 18 heilt eller delvis heller ikkje skal gjelde for organ og sjølvstendige rettssubjekt som lova elles gjeld for, og om val av skriftspråk i samband med eksamen ved universiteta, dei statlege høgskulane og andre statlege skular.

§ 4 Norsk språk

Norsk er det nasjonale hovudspråket i Noreg.

Bokmål og nynorsk er likeverdige språk som skal kunne brukast i alle delar av samfunnet. I offentlege organ er bokmål og nynorsk jamstilte skriftspråk.

§ 5 Samiske språk

Samiske språk er urfolksspråk i Noreg.

Samiske språk og norsk er likeverdige språk. Dei er jamstilte språk etter sameloven kapittel 3.

§ 6 Nasjonale minoritetsspråk

Kvensk, romani og romanes er nasjonale minoritetsspråk i Noreg.

Som språklege og kulturelle uttrykk er kvensk, romani og romanes likeverdige med norsk.

§ 7 Norsk teiknspråk

Norsk teiknspråk er det nasjonale teiknspråket i Noreg.

Som språkleg og kulturelt uttrykk er norsk teiknspråk likeverdig med norsk.

§ 8 Skandinaviske språk

Alle har rett til å bruke svensk eller dansk i kontakt med offentlege organ. Offentlege organ kan svare på norsk.

§ 9 Klart språk

Offentlege organ skal kommunisere på eit klart og korrekt språk som er tilpassa målgruppa.

§ 10 Offisiell rettskriving for bokmål og nynorsk

Offentlege organ skal følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk.

Statsorgan skal ha namn på norsk, både bokmål og nynorsk. Namna skal følgje offisiell rettskriving.

§ 11 Kommunale og fylkeskommunale språkvedtak

Ein kommune eller ein fylkeskommune kan sjølv vedta å krevje at statsorgan skal bruke berre bokmål eller nynorsk i all skriftleg kommunikasjon med kommunen eller fylkeskommunen, eller at kommunen eller fylkeskommunen skal vere språkleg nøytral. Ein kommune eller ein fylkeskommune skal reknast som språkleg nøytral så lenge det ikkje er gjort noko slikt vedtak.

Kommunar og fylkeskommunar skal melde frå til Språkrådet om språkvedtak etter første ledd.

§ 12 Fleirtalsspråk

Fleirtalsspråket i ein tenestekrins er det norske skriftspråket, anten bokmål eller nynorsk, som over halvparten av kommunane i ein tenestekrins gjer språkvedtak om etter § 11. Eit regionalt statsorgan skal bruke fleirtalsspråket i tenestekrinsen. Dersom det ikkje er noko fleirtalsspråk i ein tenestekrins, skal eit regionalt statsorgan reknast som språkleg nøytralt.

§ 13 Veksling mellom bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument

Sentrale statsorgan skal over tid bruke minst 25 prosent av både bokmål og nynorsk i allment tilgjengelege dokument. Regionale statsorgan som har anten bokmål eller nynorsk som fleirtalsspråk i tenestekrinsen, skal bruke fleirtalsspråket i allment tilgjengelege dokument.

Eit språkleg nøytralt regionalt statsorgan som i tenestekrinsen har kommunar med språkvedtak om bokmål eller nynorsk etter § 11, skal veksle mellom skriftspråka slik at det blir eit rimeleg samhøve mellom dei i allment tilgjengelege dokument. Dersom minst ein fjerdedel av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje same skriftspråk, skal eit språkleg nøytralt regionalt statsorgan veksle mellom skriftspråka slik at det over tid blir minst 25 prosent av dette skriftspråket i allment tilgjengelege dokument. Dersom minst ein kommune, men mindre enn ein fjerdedel av kommunane i ein tenestekrins har gjort vedtak om å krevje nynorsk, skal det regionale statsorganet veksle mellom skriftspråka slik at det over tid blir minst 10 prosent nynorsk i allment tilgjengelege dokument.

Dersom kommunar i eit geografisk avgrensa område har eit fleirtalsspråk, skal statsorgan bruke dette språket i dokument som er retta mot desse kommunane. Det same gjeld når dokument har særleg tilknytning til eit slikt geografisk avgrensa område. Dersom eit dokument har særleg tilknytning til berre ein kommune, skal statsorgan følgje det språkvedtaket denne kommunen har gjort.

§ 14 Parallell bruk av bokmål og nynorsk hos statsorgan

Statsorgan skal gjere skjema og andre sjølvbeteningsstenester tilgjengelege på bokmål og nynorsk samtidig.

Dersom eit privat rettssubjekt krev at løyve og faste formular som direkte gjeld rettssubjektet, skal vere på anten bokmål eller nynorsk, skal statsorgan oppfylle kravet.

Statsorgan skal gje ut dokument som er meinte til bruk i skulen, på både bokmål og nynorsk samtidig.

§ 15 Bruk av bokmål og nynorsk til private rettssubjekt og enkeltkommunar

I dokument som er retta mot eit privat rettssubjekt, skal statsorgan og fylkeskommunar bruke det norske skriftspråket som det private rettssubjektet sjølv har bruka i kommunikasjonen med organet, eller som det private rettssubjektet på annan måte har meldt frå at det ønskjer.

I dokument som er retta mot ein kommune eller ein fylkeskommune som har gjort språkvedtak etter § 11, skal statsorgan og fylkeskommunar bruke det vedtekne skriftspråket.

§ 16 Krav til skrivekompetanse

Statsorgan og fylkeskommunar skal syte for at dei har den nødvendige skrivekompetansen for å kunne bruke bokmål og nynorsk etter lova her.

§ 17 Klagerett

Er det bruka feil skriftspråk i eit dokument som nemnt i § 14 andre ledd, kan mottakaren klage og krevje at dokumentet blir utferda på nytt. Forvaltningsloven §§ 28 til 35 gjeld for saker etter første punktum.

§ 18 Påpeiking av feil bruk av skriftspråk hos statsorgan

Språkorganisasjonar kan påpeike overfor eit statsorgan at dei meiner organet bryt føresegnene nemnt i §§ 14 og 15, jamvel om saka ikkje vedkjem organisasjonane sjølve.

§ 19 Språkrådet

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og forvaltar dei offisielle skriftnormalane for bokmål og nynorsk.

Språkrådet skal gje statsorgan råd om skrivemåte og namneskikk før det blir gjort vedtak om namn på statsorgan.

Språkrådet fører tilsyn med korleis statsorgan etterlever reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

Språkrådet skal rettleie offentlege organ om reglane i denne lova.

§ 20 Opplysningsplikt overfor Språkrådet

Statsorgan skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med reglane i § 10 andre ledd og §§ 12 til 17.

§ 21 Iverksettjing og overgangsreglar

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset. Frå same tids- punkt blir lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste oppheva.

Forskrifter som er gjevne i medhald av lov 11. april 1980 nr. 5 om målbruk i offentleg teneste, held fram å gjelde så langt dei ikkje er i strid med i lova her.

§ 22 Endringar i andre lover

Frå den tida lova tek til å gjelde, skal desse endringane gjerast i andre lover:

1. I lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskolen og den vida- regåande opplæringa skal desse endringane gjerast:

§ 2-5 overskrifta skal lyde:

Bokmål og nynorsk i grunnskolen

§ 2-5 første ledd skal lyde:

Kommunen gir *forskrift* om kva *skriftspråk* som skal vere hovudmål i dei enkelte skolane. Hovudmålet skal nyttast i skriftleg opplæring og i skriftleg arbeid. Frå og med 8. årstrinnet vel elevane sjølve *om dei skal bruke bokmål eller nynorsk som skriftleg hovudmål*.

§ 2-5 tredje ledd første punktum skal lyde:

Foreldra vel *skriftspråket* i lærebøkene til elevane til og med 7. årstrinnet.

§ 2-5 sjette ledd fyrste punktum skal lyde:

Dei to siste åra i grunnskolen skal elevane ha opplæ- ring i *både bokmål og nynorsk*.

§ 9-4 andre ledd andre punktum blir oppheva. No- verande andre ledd tredje punktum blir andre punk- tum.

§ 9-4 tredje ledd skal lyde:

Lesebøkene i norskfaget i grunnskolen skal ha nok tilfang på *både bokmål og nynorsk, slik at elevane lærer å lese begge skriftspråka*.

§ 15-6 andre ledd skal lyde:

Det er likevel foreldra til barnet som har rett til å vel- je privat skole, jf. § 2-1, samtykke til fritak frå heile opp- læringsplikta, jf. § 2-1, velje *skriftspråk*, jf. § 2-5, krevje fritak frå delar av undervisninga med omsyn til religion eller livssyn, jf. § 2-3a, og krevje opplæring i *kvensk eller finsk* og i og på samisk, jf. §§ 2-7 og 6-2.

2. I lov 14. desember 2007 nr. 116 om studentsamskip- nader skal § 11 første ledd lyde:

Forvaltningsloven, lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv og *språklova* gjelder ikke for studentsamskipna- dene.

3. I lov 16. juni 2017 nr. 50 om Likestillings- og diskrimi- neringsombudet og Diskrimineringsnemnda skal § 10 fjerde ledd lyde:

Vedtak og beslutning etter første, annet og tredje ledd kan fattes av nemndleder.

Oslo, i familie- og kulturkomiteen, den 25. februar 2021

Kristin Ørmen Johnsen

leiar

Marianne Haukland

ordførar

